



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 25

(2007–2008)

Om samarbeidet i NATO i 2007





DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 25

(2007–2008)

Om samarbeidet i NATO i 2007

Innhold

| | | | | | |
|----------|---|----|----------------|--|----|
| 1 | Samandrag | 5 | 8 | Den sivile dimensjonen | 30 |
| | | | 8.1 | NATO-innsats i humanitære kriser.... | 30 |
| | | | 8.2 | Sivil beredskap | 30 |
| | | | 8.3 | Kvinner, fred og tryggleik..... | 30 |
| | | | 8.4 | Menneskehandel | 30 |
| | | | 9 | Militær omforming | 32 |
| | | | Vedlegg | | |
| | | | 1 | Sluttkommuniké, Brussel 14. juni 2007 Møte i Nordatlantisk råd ved forsvarsministrane | 33 |
| | | | 2 | Erklæring frå formannen, Brussel 14. juni 2007 Møte i NATO–Russland-rådet på forsvarsministernivå | 38 |
| | | | 3 | Erklæring frå formannen, Brussel 14. juni 2007 Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen ved forsvarsministrane | 39 |
| | | | 4 | Oppsummering ved formannen, Brussel 14. juni 2007 Møte i Euroatlantisk partnerskapsråd ved forsvarsministrane i Brussel torsdag 14. juni 2007..... | 40 |
| | | | 5 | Sluttkommuniké, Brussel 15. juni 2007 Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe i Brussel fredag 15. juni 2007..... | 41 |
| | | | 6 | Sluttkommuniké, Brussel 7. desember 2007 Ministermøte i Nordatlantisk råd i NATO-hovudkvarteret i Brussel | 43 |
| | | | 7 | Erklæring frå formannen Møte i NATO–Russland-rådet på utanriksministernivå i Brussel, fredag 7. desember 2007 | 49 |
| | | | 8 | Felleserklæring Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på utanriksministernivå i Brussel fredag 7. desember 2007 | 50 |
| 2 | Transatlantiske band og samarbeidet med andre organisasjoner | 9 | | | |
| 2.1 | USA og dei europeiske allierte | 9 | | | |
| 2.2 | Sivilt-militært samvirke – ei samla tilnærming | 10 | | | |
| 2.2.1 | Samarbeidet med EU..... | 11 | | | |
| 2.2.2 | Samarbeidet med FN..... | 12 | | | |
| 2.2.3 | Samarbeidet med Den afrikanske unionen | 12 | | | |
| 2.2.4 | Samarbeidet med OSSE | 13 | | | |
| 2.3 | Oslo-møtet..... | 13 | | | |
| 3 | NATO-operasjoner og norsk engasjement | 15 | | | |
| 3.1 | Afghanistan | 15 | | | |
| 3.2 | Balkan | 18 | | | |
| 3.3 | Treningsoppdraget i Irak | 19 | | | |
| 3.4 | NATO-operasjonen i Middelhavet..... | 19 | | | |
| 4 | Samarbeidet med Russland | 20 | | | |
| 5 | Partnersamarbeidet | 21 | | | |
| 5.1 | Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC) | 22 | | | |
| 5.2 | Regional tilnærming til Balkan | 22 | | | |
| 5.3 | Dei vesteuropeiske partnerlanda..... | 22 | | | |
| 5.4 | Tilhøvet til middelhavslanda og Midtausten | 23 | | | |
| 5.5 | Tilhøvet til kontaktlanda..... | 24 | | | |
| 6 | Debatten om utviding av NATO ... | 25 | | | |
| 7 | Nye utfordringar | 27 | | | |
| 7.1 | Missilforsvar | 27 | | | |
| 7.2 | Rustingskontroll og nedrusting..... | 27 | | | |
| 7.2.1 | CFE-avtalen..... | 28 | | | |
| 7.3 | Energitrygging | 28 | | | |
| 7.4 | Vern mot dataangrep | 28 | | | |



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 25

(2007–2008)

Om samarbeidet i NATO i 2007

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 23. mai 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Alliansen har vist og viser framleis evne til å tilpasse seg endra tryggingsspolitiske rammevilkår. Samtidig er NATO stilt overfor ein situasjon der oppgåvene og utfordringane står i kø og dei samla allianseressursane er under sterkt press. Skal NATO framleis vere eit nyttig instrument til internasjonal krisehandtering, må alliansen etter regjeringa sitt syn vidareføre ein nærmast kontinuerleg moderniseringsprosess for å tilpasse seg stadig skiftande rammevilkår og utfordringar. Denne omformingsprosessen må forankrast og drivast fram på politisk nivå. Jamlege NATO-toppmøte kjem til å spele ei viktig rolle i denne forankringsprosessen.

Slik regjeringa ser det, er det svært positivt at dei allierte landa står samla om at NATO er og må vere det sentrale forumet for varetaking av den transatlantiske tryggleiken i vid forstand. I dag er det brei semje på begge sider av Atlanterhavet om at det berre er gjennom samhald og ein sterk, levedyktig og relevant allianse vi kan handtere dei utfordringane dei allierte saman står overfor. Det gjeld både i område som Afghanistan og Kosovo og i dei primære ansvarsområda til NATO. For Noreg, som har alliansen som sitt tryggingsspolitiske ankerfeste, er dette ei svært positiv utvikling.

Mens USA dei fire første åra av Bush-administrasjonen var kjenneteikna av aukande unilaterale og adhocprega koalisjonar, har vi i den andre

presidentperioden – og etter dei massive problema i Irak – sett eit USA som igjen legg meir vekt på NATO og multilaterale løysingar.

Auka amerikansk vekt på NATO og multilateralt samarbeid er etter regjeringa sitt syn ei svært positiv utvikling. Det bind amerikanarane – og dei andre 25 medlemslanda – til ein konsensusprosess som gjev alle allierte innverknad. Det er ikkje minst til fordel for små og mellomstore medlemsland. Det er grunn til å tru at USA kjem til å vidareføre denne haldninga same kva som blir utfallet av valet hausten 2008.

På same tid har valet av Nicolas Sarkozy til president i Frankrike skapt ei interessant utvikling som kan tyde på auka fransk interesse for arbeidet i alliansen, og på ei erkjenning av at heller ikkje Frankrike i lengda er tent med ein situasjon der NATO og EU opptrer som konkurrentar. Når kvitboka om fransk tryggingss- og utanrikspolitikk blir lagd fram våren 2008, får vi etter alt å dømme fleire svar på kvar Frankrike kjem til å plassere seg i forhold til NATO i åra som kjem. Bli konklusjonen at Frankrike for fullt går inn att i det integrerte militære NATO-samarbeidet, kan verknaden neppe bli anna enn ei sementering av NATO som det primære transatlantiske tryggingsspolitiske forumet.

Sjølv om den politiske atmosfæren i NATO har betra seg, er ikkje det det same som at det no herskar full harmoni. Det er framleis meiningsfor-

skjellar mellom dei allierte om korleis tryggingpolitisk utfordringar best kan møtast. Og det er framleis ulike visjonar for kva rolle NATO skal spele i framtida. Enno er det slik at nokre allierte i hovudsak ser på NATO som ein kollektiv militær organisasjon, mens andre meiner at alliansen må ta inn over seg at breidda i dei nye utfordringane også krev ei tilsvarende brei tilnærming i praksis.

Kor langt NATO skal gå i utforminga av ei slik brei tilnærming, der militære, sivile og diplomatiske verkemiddel blir sydde saman til ein integrert strategi, kjem framleis til å vere eit viktig debatt-emne. I forlenginga av dette spørsmålet vil det framleis vere ein livleg debatt om korleis NATO skal samarbeide med andre organisasjonar, til dømes FN, EU og OSSE, og med regionale aktørar som Den afrikanske unionen (AU). Spørsmålet blir kva roller dei ulike organisasjonane skal ha, korleis den praktiske og geografiske arbeidsfordelinga skal vere, og i kor stor grad samarbeidet skal formaliserast.

Denne debatten blir politisk sensitiv og kjem på mange måtar til å stake ut vegen for den vidare utviklinga i NATO. For eit land som Noreg er det avgjerande at diskusjonen går føre seg i dei ulike konsultasjonsforuma i alliansen, ikkje berre i form av samtalar mellom enkelte allierte eller grupper av allierte. I tida framover vil regjeringa difor leggje avgjerande vekt på at NATO blir styrkt som politisk konsultasjonsforum, og at alle spørsmål som vedgår dei felles tryggingpolitiske interessene til allianselanda, blir drøfta innanfor desse rammene. Men frå norsk side vil det samtidig bli lagt stor vekt på at drøfting av eit spørsmål i NATO ikkje automatisk inneber at det må følgjast opp med vedtak eller handling.

Den største operative utfordringa for alliansen kjem framleis til å vere Afghanistan og ISAF-operasjonen. ISAF opererer etter mandat frå tryggingrådet i FN og invitasjon frå regjeringa i Afghanistan. Også heretter blir hovudoppgåvene å medverke til trygge og stabile tilstandar, å støtte den afghanske regjeringa og syte for at ho får større innverknad utanfor Kabul, å styrkje opplæringa av afghanske tryggingstyrkar og å leggje til rette for godt styresett og økonomisk og sosial utvikling.

Det har lenge vore klart at ein ikkje kan lukkast i Afghanistan med militære middel åleine. Regjeringa vil difor halde fram med å arbeide for ein internasjonalt samordna sivil-militær strategi der politiske, militære, økonomiske og humanitære tiltak verkar i samspel. Siktemålet for Noreg i den samanhengen er å få på plass ein meir effektiv samla strategi for heile det internasjonale samfunnet – under afghansk leiing.

NATO må etter norsk syn vidareføre arbeidet med å tilpasse strategien sin til endra forhold og prioriteringar på bakken. Arbeidet med å utforme ein samla politisk-militær plan blei sett i gang hausten 2007, og planen blei vedteken på NATO-toppmøtet i Bucuresti 2.–4. april 2008. For regjeringa er det viktig å utnytte denne prosessen til å få realisert ein internasjonalt innsats i Afghanistan der FN tek ei aktiv og leiande rolle i det internasjonale engasjementet, i nært samarbeid med afghanske styresmakter og andre internasjonale aktørar.

Viljen og evna hos dei allierte til å stille dei nødvendige ressursane til rådvelde blir framleis avgjerande for at ISAF-operasjonen skal vere effektiv og NATO truverdige. Difor vil Noreg framleis vedstå seg sitt ansvar som ein vesentleg militær bidragsytar.

På bakgrunn av det stadige behovet for styrkar blir det samtidig viktig å sikre breiast mogeleg deltaking i ISAF. Slik regjeringa ser det, er det svært viktig å vise til at styrken opererer på grunnlag av eit mandat frå tryggingrådet i FN, og dermed representerer verdssamfunnets kollektive vilje og ønske om å byggje opp eit stabilt Afghanistan. Dette mandatet er fornøye fleire gonger under tilvising til at Afghanistan utgjør ein trussel mot freden og tryggleiken internasjonalt, og inneber at også ikkje-NATO-land forpliktar seg til å gjere sitt for å setje tryggingrådsvedtak ut i livet.

Sidan ikkje-NATO-landa spelar ei stor rolle i ISAF, er det etter norsk syn viktig å sikre at viljen deira til å medverke ikkje svekkjast. Tilhøvet mellom alliansen og dei ulike partnarkategoriane er særleg viktig all den tid 14 av 40 bidragsytande land i ISAF og KFOR tilhøyrer denne gruppa. Fleire av desse landa gav i 2007 uttrykk for misnøye med den viljen NATO viste til å konsultere dei og lytte til synspunkta deira. Regjeringa vil difor arbeide for at partnarane skal få større innverknad på dei operasjonane dei deltek i. For Noreg kjem Sverige og Finland til å stå i ei særstilling i så måte.

Regjeringa meiner at målet for NATO må vere ein situasjon der den afghanske hæren og andre tryggingstyrkar gradvis overtek ansvaret for tryggingoperasjonane, mens ISAF i første rekkje får i oppgåve å drive opplæring og oppfølging. Auka bistand til afghanske styresmakter i utviklinga av eigne tryggingstyrkar og «afghanisering» vil difor vere leietrådar i den langsiktige innsatsen. Gjennom dette får afghanske styresmakter større legitimitet og aukande evne til å utøve autoritet i alle delar av landet. Difor blir bidrag til opplærings- einingar og forsvarsreform ei viktig sak i åra framover.

Regjeringa ser på regionalisering av innsatsen som ein føresetnad for å lukkast. Etter norsk syn bør difor den afghanske regjeringa oppmuntrast til å styrkje kontakten og samarbeidet med nabolanda, især Pakistan. Også dei internasjonale aktørane må ha ei slik tilnærming. NATO må difor utvide den politiske kontakten med nabolanda til Afghanistan, mellom anna ved å utnytte den trilaterale kommisjonen der ISAF, Afghanistan og Pakistan møtest på militært nivå. Ein slik prosess vil både ha ein viktig tillitsskapande funksjon og medverke til å løyse konkrete trygging utfordringar i grenseområdet mellom dei to landa.

Vektlegginga av Pakistan må ikkje føre til redusert innsats for å styrkje kontakten med dei andre nabolanda til Afghanistan. Noreg vil følgje opp initiativet om utvida kontakt med dei sentralasiatiske republikkane. Styrking av kontakten med Iran blir særskild viktig. Difor vil regjeringa i dialogen internt i alliansen leggje vekt på at andre spørsmål ikkje må vere til hinder for ein dialog med Iran om korleis tryggleik og stabilitet på regionalt plan kan utviklast.

Den andre store NATO-leidde operasjonen, KFOR, blir truleg meir krevjande etter at Kosovo erklærte seg uavhengig 17. januar 2008. Den vidare utviklinga i Kosovo blir avgjerande for kor stor utfordringa blir, og kva oppgåver som blir mest sentrale for KFOR. Regjeringa vil leggje stor vekt på at styrken blir vidareført med noverande mandat og oppgåver. Etter norsk syn må det takast utgangspunkt i den sterke legitimiteten KFOR alt har. For at KFOR framleis skal verke stabiliserande, er det viktig at alle partar oppfattar styrken som ein upartisk aktør som søkjer å vareta interessene og tryggleiken til alle dei ulike gruppene.

Dei serbiskdominerte områda nord for elva Ibar kjem truleg til å få mykje merksemd, men det må òg takast omsyn til at halvparten av serbarane i Kosovo bur i spreidde enklavar i sør. Å sørgje for trygge tilstandar for serbarane der, og å verne om dei kulturelle og religiøse minnesmerka deira, blir viktig for å halde på den breie tilliten til KFOR. Regjeringa legg difor vekt på at NATO ikkje må forsømme dei oppgåvene som direkte gjeld tryggleiken i området.

Dersom overgangen til eit sjølvstendig Kosovo går fredeleg føre seg, og heile befolkninga i Kosovo kan kjenne seg trygg, kan eit omfattande militært nærvær bli mindre nødvendig. I ein slik situasjon kan ein sjå for seg at EU overtek den rolla NATO har i dag, etter modell av det som skjedde i Bosnia-Hercegovina. Våren 2008 skal EU overta etter FN (UNMIK) på politi-, justis og tollområdet med operasjonen EULEX Kosovo. NATO skal

framleis hjelpe til når EU overtek, og vil spesielt vere merksam på at oppgåvene kan bli meir krevjande i overgangsfasen. Det er viktig å vere førebudd på ei negativ utvikling der den serbiske minoriteten kjem i ei meir utsett stilling, og der serbarane nord for Ibar ikkje lèt seg integrere i den nye staten.

Elles på Balkan vil tempoet i utviklinga og den transatlantiske tilnærminga vere avhengig av fleire ting. NATO har framleis til mål å medverke til varig fred, tryggleik og stabilitet i området. På toppmøtet i Bucuresti var det brei semje om at både Kroatia, Albania og Makedonia oppfylte krava til å innleie medlemskapsforhandlingar (MAP). På grunn av usemje mellom Hellas og Makedonia om namnet på den makedonske staten fekk ikkje Makedonia MAP-status. Det var likevel semje om at Makedonia òg kan innleie medlemskapsforhandlingar så snart det er funne ei gjensidig akseptabel løysing på namnespørsmålet.

Noreg vil stadig arbeide for at dei tre resterande Balkan-landa òg kan nærme seg alliansen. Både Bosnia-Hercegovina og Montenegro vil det, mens Serbia har utsett ei vidare tilnærming til NATO på grunn av utviklinga i Kosovo. Regjeringa vil arbeide for å hjelpe dei to førstnemnde landa framover og samtidig vidareføre det etablerte samarbeidet med Serbia. Dette blir viktig både for å auke stabiliteten i regionen og for å støtte opp om dei reformorienterte demokratiske kreftene i Serbia. På toppmøtet i Bucuresti fekk Bosnia-Hercegovina og Montenegro tilbod om eit nærmare samarbeid med NATO gjennom ein såkalla intensivert dialog (ID). Serbia kan òg komme til å bli tilbydd intensivert dialog dersom landet skulle ønskje det.

Med den usikre situasjonen i Kosovo kjem ytterlegare serbisk integrasjon til å vere mindre aktuelt på kort sikt. Regjeringa ser det som viktig at ein ikkje pressar på før Beograd er klar til å gå vidare. På den andre sida er det viktig å unngå at Serbia blir isolert eller sjølv vel å isolere seg. Serbia må såleis få dei same integrasjonstilboda som Bosnia-Hercegovina og Montenegro alt har fått.

Sett med norske auge er NATO–Russlandrådet ein viktig, men samtidig stadig meir krevjande arena. Det er ingen grunn til å leggje skjul på at verken den politiske dialogen eller det praktiske samarbeidet har nådd så langt som mange hadde håpa då NRC blei oppretta i 2002. Det har vore mindre rom for felles politiske initiativ enn venta, og usemje i konkrete spørsmål har i aukande grad verka inn på det praktiske samarbeidet.

Vanskelege spørsmål som utviklinga i Kosovo, missilforsvar og problema etter den russiske suspensjonen av CFE-avtalen gjer at føresetnadene for

ei snarleg betring ikkje er optimale. Vidare georgisk og ukrainsk tilnærming til NATO og måten Russland handterer lausrivinga av Kosovo på – sett på bakgrunn av liknande erklæringar frå område som Abkhasia eller Sør-Ossetia – kan komme til å komplisere biletet ytterlegare. Ny sjølvhevdning og auka militær aktivitet på russisk hald er element som må takast med i vurderinga. Trass i dette kjem regjeringa framleis til å leggje stor vekt på samarbeidet med Russland. Utgangspunktet er at NATO og Russland får stadig fleire berøringspunkt og felles interesser.

Realistisk sett må ein likevel vere førebudd på at samarbeidet kan bli vanskelegare før det blir betre. Regjeringa meiner at dette både kan og bør få NATO-landa til å interessere seg meir for dei utfordringane vi står overfor i nordområda. Regjeringa vil difor arbeide aktivt for at NATO og dei alli-

erte skal konsentrere seg meir om dei utfordringane Noreg og NATO står overfor i dette området.

Regjeringa vil arbeide aktivt for å fremje norske synspunkt og interesser i alliansen. Påverkevna vi har hatt i Balkan-spørsmål og i arbeidet med å gje NATO ein klarere profil i spørsmål om rustingskontroll og nedrusting, viser at Noreg kan nå fram i saker som er viktige for oss.

Regjeringa vil medverke til at NATO framleis kan vere handlekraftig. Open og brei politisk dialog må kombinerast med fleksibilitet og vilje til omforming for å løyse dei tryggingsrelaterede oppgåvene det 21. hundreåret stiller oss overfor. Det overordna målet må framleis vere å bevare det transatlantiske verdi- og interessefellesskapet og å arbeide for ein samla alliert respons på dei tryggingsutfordringane vi står overfor.

2 Transatlantiske band og samarbeidet med andre organisasjonar

2.1 USA og dei europeiske allierte

NATO-toppmøtet i Riga 29. november 2006 stadfeste viljen blant dei allierte til å bruke NATO som dialogforum og ramme for internasjonale operasjonar og tryggingpolitisk samarbeid. For Noreg var dette særleg viktig sidan alle dei 26 allierte dermed får høve til å fremje sine synspunkt i den konsensusprosessen som leier fram til avgjerder.

NATO-samarbeidet i 2007 var prega av sterk vilje hos USA og dei europeiske allierte til å søkje felles løysingar på felles tryggingpolitiske utfordringar innanfor rammene av NATO. Denne viljen bygde på ei felles erkjenning av at ein sterk transatlantisk interesse- og verdifellesskap er nødvendig for å handtere dei utfordringane alliansen står overfor. Det gjeld særleg trygging- og stabiliseringsoperasjonen i Afghanistan, men òg Kosovo og tilhøva i ein breiare tryggingpolitisk samanheng.

Etter valet av president Sarkozy oppstod det ny dynamikk i den franske haldninga til NATO. Frå fransk side blir det framleis sagt klart frå at utbygging av trygging- og forsvarspolitikken i EU har prioritet, men det blir òg presisert at dette vil setje dei europeiske allierte betre i stand til å bidra militært, og at det ikkje skal vere noko konkurranseforhold mellom EU og NATO. I Paris er det sett i gang eit arbeid med ei kvitbok om trygging- og forsvarspolitikken. Når denne blir lagd fram våren 2008, blir det klarare kvar Frankrike legg seg når det gjeld engasjementet i NATO.

Også i 2007 var NATO-samarbeidet prega av dei sterke forventningane hos USA og ein del europeiske allierte om større nærvær av styrkar frå andre europeiske allierte i det sørlege Afghanistan, der dei demokratisk valde afghanske styresmaktene og det internasjonale nærværet møtte sterkast motstand frå Taliban og andre opprørsgrupper. Misnøya i USA og hos andre allierte som var engasjerte i sør, kom også i 2007 til uttrykk i jamlege uformelle konsultasjonar der desse landa drøfta felles utfordringar og utspel seg imellom. Denne tendensen til ei todeling i alliansen var ikkje positiv. På den andre sida var det eit positivt trekk ved utviklinga at det etter påtrykk også frå norsk

side kom fram semje blant allierte om at stabilitet og utvikling i Afghanistan krev ei samla tilnærming frå det internasjonale samfunnet si side. Det var brei semje om at NATO skal medverke til tryggleik og stabilitet, at afghansk eigarskap må setjast i høgsetet og at FN må få auka nærvær og ei sterkare koordinerande rolle.

Denne semja om grunnleggjande politiske premisser for handteringa av den aller største NATO-utfordringa verka positivt inn på samhaldet i alliansen, og var dessutan uttrykk for ein tendens i retning av ei felles forståing omkring ei meir prinsipiell haldning til militær maktbruk samanlikna med annan innsats for å løyse trygging utfordringar.

Utviklinga i tilhøvet mellom NATO og Russland i 2007, prega som det var av usemje om sentrale tryggingpolitiske problemstillingar, var òg med på å styrkje samhaldet i alliansen. Forsøka frå russisk side på å spele på intern usemje førte ikkje fram. Den russiske suspensjonen av avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen), dei negative russiske reaksjonane på planane om å utvide det amerikanske missilforsvaret til Europa, usemja i spørsmålet om framtidig status for Kosovo og spørsmålet om tettare band mellom NATO og høvesvis Ukraina og Georgia verka difor ikkje inn på det grunnleggjande interne samhaldet i alliansen.

NATO-arbeidet etter det russiske varselet om suspensjon av CFE-avtalen gjekk såleis føre seg på grunnlag av semje om ein felles alliert innfallsvinkel. Det var svært positivt at USA tok leiinga både i dette arbeidet og i konsultasjonane med Russland.

USA vedtok tidleg i 2007 å innleie bilaterale konsultasjonar med Den tsjekkiske republikken og Polen om bygging av infrastruktur i dei to landa som ein del av eit amerikansk missilforsvarssystem, noko som endra rammene for diskusjonen i NATO. Debatten kom no til å dreie seg om kor vidt alliansen skulle knyte seg til eit amerikansk system, slik at land som ikkje var dekte av systemet, kunne få same vernet. Den udelelege tryggleiken var ein viktig faktor i denne debatten. Dei russiske haldningane, kombinert med polemisk språkbruk,

gjorde sitt til at mange allierte gjekk sterkare inn for eit slikt system. Men samtidig støtta dei europeiske allierte breitt opp om viljen hos USA til å rådføre seg med Russland om dei amerikanske planane.

Også i 2007 la USA stor vekt på ønsket om å utvide dei funksjonelle og geografiske rammene for NATO-arbeidet. Dette kom til uttrykk i breidda av tryggingpolitiske problemstillingar som det blei invitert til dialog om, og i ambisjonane om alliert engasjement i nye trygging utfordringar.

Eitt eksempel på dette var diskusjonen om ei NATO-rolle innan energitrygging. Der var USA, saman med land som Polen og dei baltiske allierte, pådrivarar for at alliansen også skulle ta på seg eit ansvar utanfor alliert land- og sjøterritorium. Fleire andre allierte, mellom dei Noreg, var derimot tilbakehaldne på dette punktet. Noreg argumenterte for at NATO burde ha ei energitryggingssrolle med fokus på vern av kritisk infrastruktur og eventuelt transportlinjer. Frå norsk side blei det difor understreka at det allereie fanst ei rekkje spesialorgan, mellom dei IAEA, som var engasjerte i denne typen aktivitetar. NATO måtte unngå å duplisere dette arbeidet.

USA var også i 2007 opptekne av å styrkje NATO-dialogen og NATO-samarbeidet med land utanfor det transatlantiske området. Det blei særleg lagt vekt på land som kunne medverke til alliansoperasjonane, og som hadde same verdigrunnlaget som alliansen, til dømes Australia, New Zealand og Japan, men òg dei nordiske partnerane Sverige og Finland. Vidare blei det frå amerikansk side lagt stor vekt på å styrkje NATO-samarbeidet med strategisk viktige land og regionar utanfor alliansen, i første rekkje Midtausten og Golf-området, mellom anna gjennom å utvikle samarbeidet innan trening og opplæring.

Storbritannia og enkelte andre land, spesielt i det austlege Europa, var i hovudsak positive til dette. Fleirtalet av allianselanda, deriblant Noreg, støtta ein brei dialog om tryggingpolitiske problemstillingar, men var meir tilbakehaldne når det gjaldt breidda i det politiske og operative engasjementet USA tok til orde for. Dei var urolege for at dette kunne utfordre andre internasjonale organisasjonar og over tid svekkje merksemda om det kollektive forsvaret som kjerneoppgåve for alliansen.

Regjeringa la stor vekt på at eit truverdig NATO føreset at alle allierte opplever organisasjonen som relevant i handteringa av dei tryggingpolitiske utfordringane dei kjenner seg berørte av. Dette krev igjen vidare politisk og militær omstilling og fleksibilitet i NATO-tilnærminga i ei tid

prega av utvikling og uro. Difor la Noreg også i 2007 stor vekt på å styrkje den transatlantiske dimensjonen som utgjer berebelken i alliansen. Vårt mål var å oppretthalde eit sterkt amerikansk engasjement i Europa og å bevare viljen hos dei allierte til å søkje samlande løysingar på felles tryggingpolitiske utfordringar innanfor NATO-rammene. Slik regjeringa ser det, krev dette ein vilje til kontinuerleg tilpassing av alliansen etter kvart som nye oppgåver kjem til. Ei slik tilpassing er ein føresetnad for at NATO skal oppfattast som relevant og effektiv i handteringa av stadig nye utfordringar.

Frå norsk side var det i den samanhengen svært viktig å setje nye spørsmål på saklista i ein NATO-kontekst. Det blei særleg lagt vekt på at alliansen og viktige allierte måtte bli meir merksame på utfordringane i nordområda. Ekstra viktig var dette sett på bakgrunn av at allianselanda dei seinare åra har måtta konsentrere seg mest om NATO-operasjonar utanfor det primære ansvarsområdet. Det var òg viktig for å styrkje den transatlantiske dimensjonen og sikre konsentrasjonen om kjerneoppgåvene.

Sjølv om nordområda ikkje er eit nytt spørsmål i NATO-samheng, er den tryggingpolitiske situasjonen i nord eit tema som sjeldan blir diskutert. Det er lite snakk om framtidsutsiktene og utfordringane som knyter seg til områda når det gjeld energi, fiskeri, transport og miljø, og likeins om implikasjonane for alliansen. Den auka militære aktiviteten frå russisk hald er ein del av dette biletet, utan at det på nokon måte kan seiast å gje opphav til nye trusselbilete eller rokkar ved det overordna målet til regjeringa, som er å bygge stabilitet og møte utfordringane i nord gjennom eit nært samarbeid med Russland.

Orienteringa om nordområdespørsmål som utanriksministeren heldt i Nordatlantisk råd i november 2007, var eit viktig bidrag til auka politisk merksemd om nordområda i NATO. I etterkant av denne orienteringa har det vore veksande interesse for nordområda blant dei allierte og ei gryande erkjenning av at NATO kanskje har forsømt seg når det gjeld aktiviteten i denne regionen. Regjeringa vil difor leggje stor vekt på å stimulere denne interessa ytterlegare.

2.2 Sivilt-militært samvirke – ei samla tilnærming

Erfaringane frå Afghanistan og Kosovo har ført til ei aukande erkjenning i NATO av behovet for nært samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, sivile hjelpeorganisasjonar (NGO-ar) og lokale

aktørar i krisehandteringsoperasjonar. Det var brei semje om at militære verkemiddel i seg sjølv ikkje er tilstrekkelege, men at det er behov for ei brei tilnærming der sivil og militær innsats blir sett i samanheng på alle nivå i planlegginga og gjennomføringa av operasjonane. Denne semja var etter vårt syn svært positiv sett i lys av den konsekvente norske argumentasjonen for ein slik innfallsvinkel.

Denne erkjenninga var grunnlaget for vedtaket på Riga-toppmøtet i november 2006 om å setje i gang eit arbeid med ei meir samla tilnærming. Arbeidet blei følgt opp i 2007 med vekt på korleis NATO kan styrkje samvirket med andre aktørar, samordne eigne krisehandteringsinstrument betre og styrkje si evne til å yte militær støtte til stabilisering og gjenreising. Frå norsk side blei det i den samanhengen lagt vekt på at det måtte leggjast til rette for jamlege politiske og praktiske konsultasjonar om planlegging og gjennomføring av operasjonar, auka erfaringsutveksling og felles øvingar og opplæring.

Noreg var difor ein pådrivar i dette arbeidet i 2007. Vi var særleg opptekne av å styrkje NATO i evna til å samarbeide meir effektivt med FN og EU. Frå norsk side blei det òg understreka at det måtte vere klare skilje mellom sivile og militære aktørar, roller og oppgåver. NATO måtte unngå å utvikle kapasitetar for sivile formål som FN og andre sivile aktørar sat inne med frå før, mellom anna på det humanitære området. Dette var etter norsk syn ikkje minst viktig for å unngå samanblanding og rolleforvirring som kunne setje dei humanitære aktørane i fare.

Samtidig blei det frå norsk side presisert at tryggingssituasjonen på bakken i enkelte tilfelle kunne vere så krevjande at militære styrkar unnaksvis måtte stå for ein viss gjenreisingsinnsats til støtte for eller i staden for sivile aktørar. Også ved større humanitære operasjonar der NATO blei oppmoda å yte støtte, burde det vere rom for aktivitet frå alliert hald. Eitt eksempel på dette er innsatsen etter jordskjelvet i Pakistan i februar 2006, der pakistanske styresmakter og FN bad om bidrag.

Oppdraget frå Riga-toppmøtet skulle etter planen fullførast innan forsvarsministermøtet i Brussel i juni 2007. Arbeidet hadde god framgang, men institusjonelle spørsmål om samarbeidet mellom NATO og EU medførte at det blei vanskeleg å komme til semje. Frå norsk side blei dette sterkt beklaga. Vi understreka at ei vidareutvikling av tilhøvet mellom NATO og EU var nødvendig for å få i stand ei samla tilnærming i operasjonar som i Afghanistan og Kosovo.

2.2.1 Samarbeidet med EU

I lys av dette var det svært uheldig at samarbeidet mellom NATO og EU utvikla seg lite i 2007. Formelt var det framleis avgrensa til den EU-leidde stabiliseringsoperasjonen i Bosnia-Hercegovina (EUFOR Althea) og konsultasjonar om utviklinga av militære kapasitetar. EUFOR Althea er no den einaste operasjonen som blir gjennomført etter dei såkalla «Berlin+»-ordningane, som opnar for NATO-støtte til militære operasjonar som EU planlegg og leier. Det er i dag ei utbreidd oppfatning både i NATO og EU at Berlin+ ikkje lenger er tenleg i lys av auka militære kapasitetar på EU-sida. Sett frå ein EU-synsvinkel synest ordninga heller ikkje politisk ønskeleg på bakgrunn av ambisjonen om ein mest mogeleg uavhengig europeisk trygging- og utanrikspolitikk. Dermed er ein svært langt frå ambisjonen om å byggje ein strategisk fellesskap tufta på felles tilnærming til felles utfordringar og ei arbeidsdeling som kan utnytte ressursane og kompetansen til dei to organisasjonane på ein optimal måte.

Det var særleg motstand i enkelte land i NATO og i EU som hindra utviklinga av eit tettare samarbeid mellom dei to organisasjonane. Ei viktig årsak var det problematiske forholdet Tyrkia har til EU, som hovudsakleg skuldast den fastlåste Kyproskonflikten. I EU var det tilsvarende haldningar hos Hellas og Kypros som gjorde framdrifta vanskeleg. Enkelte land hadde dessutan eit ønske om å redusere den innverknaden NATO og USA har på europeisk tryggingsspolitikk ved å verne om EU som autonom tryggingsspolitisk aktør.

Etter presidentskiftet i Frankrike kom det signal frå Paris om vilje til å styrkje samarbeidet mellom NATO og EU, parallelt med at full fransk reintegrering i NATO blei vurdert. Dette stadfeste president Sarkozy på toppmøtet i Bucuresti. Regjeringa stiller seg svært positiv til ei slik utvikling. Dei konkrete resultatane får vi truleg ikkje sjå før på toppmøtet i 2009.

Den fastlåste situasjonen fører mellom anna til problem med å inngå samarbeidsavtalar i samband med operasjonane i Afghanistan og for NATO-arbeidet med å utvikle konseptet for ei samla internasjonal tilnærming til operasjonar. Med den leiande rolla EU reknar med å spele i Kosovo etter statusavklaringa, er behovet for eit nærmare samarbeid mellom dei to organisasjonane ytterlegare forsterka.

Ei løysing på problema synest ikkje nært føreståande. Problemstillingane er komplekse og krevjande å handtere både for NATO og EU. Den

manglande framgangen er paradoksalt, all den tid 21 av 26 allierte også er EU-medlemmer.

Der NATO og EU har inngått eit formalisert samarbeid, oppnår dei derimot positive resultat. I Bosnia-Hercegovina har NATO og EU utvikla gode samarbeidsordningar. I Sudan har samarbeid om lufttransportstøtte til Den afrikanske unionen (AU) under operasjonen i Darfur og trening og opplæring av afrikanske styrkar vist seg svært nyttig. På lik linje med andre internasjonale organisasjonar som opererer i Afghanistan, er EU representert på uformelle ministermøte i NATO.

Noreg er nært knytt til det trygging- og forsvarspolitiske samarbeidet i EU. I 2007 deltok vi både i den EU-leidde militære og den sivile (politi)styrken i Bosnia-Hercegovina og i den sivile politioperasjonen i Afghanistan.

Eit nytt aspekt ved samarbeidet med EU var at vi deltok med 150 personar i den nordiske innsatsgruppa som i første halvår 2008 skal stå i beredskap for krisehandteringsoperasjonar i EU-regi. Gruppa står under svensk leiing og har også finsk, estisk og irsk deltaking. Gjennom denne gruppa er Noreg i direkte inngrep med ein vesentleg komponent i trygging- og forsvarspolitikken i EU. Regjeringa vil difor leggje stor vekt på å vidareføre samarbeidet med EU innanfor denne ramma fram mot den neste beredskapsperioden for gruppa i 2011. I tillegg har den bilaterale avtalen med EU-organet for samarbeid om utvikling av kapasitetar (European Defence Agency) knytt oss endå sterkare til ESDP.

2.2.2 Samarbeidet med FN

Samarbeidet på bakken mellom NATO og FN blei vidareført i 2007, og det var særleg viktig i samband med dei FN-mandaterte NATO-operasjonane i Afghanistan og Kosovo. Samtidig blei det under planlegginga og gjennomføringa av desse operasjonane stadig klarere at samarbeidet mellom dei to organisasjonane måtte styrkjast på strategisk nivå. Regjeringa såg eit slikt tettare samarbeid som naturleg ut frå behovet for ei samla tilnærming til internasjonal krisehandtering. Frå norsk side blei det i eit meir langsiktig perspektiv òg lagt vekt på behovet for eit meir formalisert samarbeid med tanke på å etablere samarbeidsstrukturar som kan leggje til rette for koordinert innsats i kommande operasjonar.

I 2007 la Noreg særleg vekt på at FN måtte styrkje nærværet og den koordinerande rolla si i Afghanistan. Regjeringa argumenterte såleis for at generalsekretæren i FN måtte utnemne ein ny spesialutsending til Afghanistan med mandat til å styr-

kje den samla internasjonale koordineringa. I den samanhengen blei det lagt vekt på at alle aktørar i Afghanistan, deriblant NATO, måtte vise praktisk vilje til å la seg koordinere.

Sett i lys av dette behovet var det positivt at den politiske dialogen mellom hovudkvartera utvikla seg i 2007. På same tid var det tydeleg at det nok framleis gjorde seg gjeldande visse prinsipielle motforestillingar i FN-krinsar som er skeptiske til alliansens militære karakter og den sterke rolla USA spelar. Då generalsekretæren i FN, Ban Ki-moon, besøkte NATO-rådet 24. januar 2007, var det likevel eit signal om vilje i FN til å styrkje dialogen, og det auka tyngda i innsatsen for å utarbeide ei felleserklæring som kan danne grunnlaget for eit meir formelt og utvida samarbeid. NATO-generalsekretær Jaap de Hoop Scheffer overleverte eit første utkast til felleserklæring til dåverande generalsekretær i FN, Kofi Annan, i september 2005. I 2007 blei arbeidet med å oppnå semje om erklæringa intensivert, og dette lukkast før toppmøtet i Bucuresti. Erklæringa skal etter planen underteiknast i løpet av våren 2008.

2.2.3 Samarbeidet med Den afrikanske unionen

NATO innleidde våren 2005 eit praktisk samarbeid med Den afrikanske unionen (AU) på grunnlag av ei oppmoding frå AU om å yte støtte til transport av styrkar frå afrikanske land til AU-operasjonen «African Union Mission in Sudan» (AMIS). Møtet mellom president Konaré i AU-kommisjonen og NATO-rådet 4. mai 2005 var med på å markere innleiinga til det første NATO-engasjementet på det afrikanske kontinentet.

NATO vidareførte støtta til AMIS i 2007 i form av både flytransport og noko opplæring av AU-offiserar i Addis Abeba og ved hovudkvarteret for AMIS i El Fasher i Darfur. Støtta blei formelt avslutta 31. desember 2007 som følgje av etableringa av fellesoperasjonen «African Union United Nations Mission in Darfur» (UNAMID) frå same tidspunktet.

Etter førespurnad frå AU i mai 2007 vedtok NATO òg å yte troppettransport til AU-operasjonen i Somalia, «African Union Mission in Somalia» (AMISOM), fram til årsskiftet 2007–2008. Støtta blei suksessivt vidareført fram til 21. august 2008 parallelt med forlenginga av mandatet til AMISOM. Støtta til AMIS og AMISOM var koordinert med EU og FN.

I alliansen har ikkje støtta til AU vore uproblematisk, då enkelte allierte har prøvd å halde NATO unna ei rolle i Afrika til fordel for eit breiare EU-

engasjement. Regjeringa har lagt stor vekt på at NATO måtte etterkomme oppmodinga frå AU. Særleg gjennom samarbeid på opplæringsida kan alliansen vere med og setje dei afrikanske landa betre i stand til å vareta eigen tryggleik. Samtidig har vi på norsk side lagt vekt på at støtta til AU må vere basert på prinsippet om afrikansk eigarskap og må vere etterspørselsdriven og ta omsyn til sensitiviteten på afrikansk side. Det er positivt at det no er brei semje i NATO om dette utgangspunktet.

Då AU-kommissæren Djinnit besøkte NATO-rådet 2. mars 2007, omtala han samarbeidet med NATO som svært positivt og signaliserte interesse for eit meir langsiktig samarbeid om utvikling av fredsoperasjonskapasiteten i AU gjennom bidrag til operasjonaliseringa av Den afrikanske beredskapsstyrken («African Standby Force» – AFS). Noreg ser òg positivt på dette. Det er ei vidareføring av eksisterande støtte til AU og tener ytterlegare til å setje AU i stand til å planleggje, leie og gjennomføre operasjonar, slik at afrikanske land betre kan handtere konflikhtar på eige kontinent. AU stadfeste i desember 2007 ønsket om vidare NATO-støtte i arbeidet med å operasjonalisere AFS.

Som eit ledd i det norske engasjementet finansierte vi i 2007 ytterlegare forflyttingar av personell til AMIS gjennom NATO. Den norske ambassaden i Addis Abeba heldt fram som sivilt NATO-kontaktpunkt for AU, og samarbeidde her med det militære sambandselementet i NATO. Ambassaden var såleis med på å leggje til rette for den jamlege kontakten mellom NATO og AU. NATO var svært nøgd med den støtterolla ambassaden spelte.

2.2.4 Samarbeidet med OSSE

NATO-samarbeidet med OSSE er avgrensa. Det går i stor grad føre seg på bakken og berre i lite omfang mellom hovudkvartera. Samarbeidet var i 2007 spesielt tett på Vest-Balkan, og då særleg i Kosovo og Bosnia-Hercegovina. I tillegg var det god kontakt i Sentral-Asia, Sør-Kaukasus og Moldova, der begge organisasjonane har konkrete og ofte tilstøytande prosjekt innan reform av tryggingsektoren.

I tråd med etablert praksis orienterte OSSE-formannen, den spanske utanriksministeren Miguel Moratinos, den 19. november 2007 NATO-rådet om viktige saker og prioriteringar i den spanske formannskapsperioden.

2.3 Oslo-møtet

Noreg blei i 2006 tildelt vertskapet for det uformelle utanriksministermøtet i NATO våren 2007. Då var det heile 15 år sidan sist eit utanriksministermøte i NATO var halde i Oslo. Møtet gjekk av stabelen 26. og 27. april og samla i underkant av 600 delegatar og ca. 400 medierepresentantar frå 34 land. I tillegg til sesjonar mellom dei allierte utanriksministrane (Nordatlantisk råd) blei det halde separate møte med Russland (NATO–Russland-rådet) og med Ukraina (NATO–Ukraina-kommisjonen).

Den politiske bakgrunnen for møtet var krevjande. Same dagen som Oslo-møtet starta, kunn gjorde president Putin at Russland vurderte å innføre eit moratorium på etterlevinga av CFE-avtalen. Saman med operasjonane i Afghanistan og Kosovo og spørsmålet om missilforsvar blei dette eit hovudpunkt i dei ulike møtesesjonane.

I tråd med norske prioriteringar konkluderte møtet med brei semje om ei samla tilnærming til innsatsen i Afghanistan. Noreg fekk ros for forslaget om å leggje vekt på behovet for kapasitetsbygging og afghansk eigarskap, der opplæring av afghanske tryggingstyrkar blei trekt fram som eit prioritert område.

Utanriksministrane hadde òg ein brei gjennomgang av missilforsvarsspørsmålet, særleg planane som ligg føre om eit amerikansk samarbeid med Polen og Den tsjekkiske republikken. Det var semje om å halde fram med diskusjonane i ein NATO-samheng, samtidig som det blei framheva at spørsmålet måtte drøftast vidare med Russland. Noreg la vekt på at konsultasjonane internt i alliansen burde vidareførast, mellom anna arbeidet med risiko- og trusselvurderingane, og at Noreg ikkje var overtydd om at eit missilforsvar var det rette tilsvaret på det nye trusselbiletet. I samband med dette blei det frå norsk side påpeika at planane om eit slikt forsvar ikkje måtte føre til eit nytt rustingskappløp, og at det var viktig å leggje vekt på ikkjepreierungs- og nedrustingsarbeid også innanfor NATO-rammene.

Vidare blei utanriksministrane samde om at tryggingrådet i FN måtte utarbeide eit opplegg til statusavklaring for Kosovo som var tydeleg, hadde støtte i det internasjonale samfunnet og la eit grunnlag for regional stabilitet. Spørsmålet om utviding av alliansen blei òg drøfta, og det var semje om å trappe opp konsultasjonane med dei tre kandidatlanda Kroatia, Makedonia og Albania og å leggje inn ein ekstra evalueringsrunde før toppmøtet i Bucuresti i april 2008.

Møtet i NATO–Russland-rådet gav rom for ei livleg og brei alliert meiningsutveksling med Russland. Erklæringa frå president Putin om eit russisk moratorium på CFE-avtalen blei møtt med sterk uro på alliert hald. Dei allierte stod samla i synet på at den tilpassa CFE-avtalen ville bli ratifisert så snart Russland hadde innfridd lovnadene sine, mellom anna om avvikling av det russiske militære nærværet i Georgia og Moldova. Frå russisk side blei det sett fram kraftig kritikk mot dei amerikan-

ske planane om missilforsvar og det føreståande samarbeidet med Polen og Tsjekkia om dette.

I ytterkanten av møtet underteikna Noreg ein bilateral avtale (MoU) med Island om utvida tryggingssamarbeid. Denne kom i stand etter at USA avslutta det militære nærværet sitt på Island, og legg til rette for auka tryggingss-, forsvars-, beredskaps- og redningssamarbeid. Danmark underteikna ein tilsvarande avtale med Island under Oslo-møtet.

3 NATO-operasjoner og norsk engasjement

3.1 Afghanistan

Utviklinga i 2007 viste at det internasjonale samfunnet framleis står overfor store utfordringar i Afghanistan. ISAF har eit klart FN-mandat til å bruke alle nødvendige og rimelege middel for å hjelpe afghanske styresmakter med å skape trygge forhold for gjenreising og utvikling.

Sjølv om tryggingssituasjonen er krevjande, har det på mange område vore ei positiv utvikling i Afghanistan. Det er halde demokratiske val, ei ny grunnlov er vedteken, lovverket er under utvikling og statsinstitusjonane er under oppbygging. I dag har over 80 % av befolkninga tilgang til eit helsetilbod, samanlikna med 9 % i 2004. Dødsraten for barn er redusert med ein fjerdedel, og talet på barn under utdanning er oppe i seks millionar. Ein tredjedel av desse er jenter. Det er bygd mange tusen kilometer veg siste åra, og ei rekkje andre utviklingsprogram er gjennomførte, under gjennomføring eller på planleggingsstadiet.

Det er likevel klart at det trengst sterkare sivil innsats for å nå målsetjingane frå London-konferansen i januar 2006, der Afghanistan og det internasjonale samfunnet fastsette mål og rammer for den internasjonale innsatsen fram til 2011. Også i 2007 var Noreg difor ein pådrivar for ei samla tilnærming og betre koordinering av den internasjonale sivile og militære innsatsen. Dette bygde på forståinga av at det ikkje finst ei militær løysing på utfordringane i Afghanistan, samtidig som situasjonen gjer det nødvendig å sjå tryggleik og utvikling i samanheng. Noreg har òg understreka at den internasjonale innsatsen må innrettast slik at han støttar opp om ein politisk forsoningsprosess med afghanarane i spissen.

Regjeringa la stor vekt på auka FN-nærvær i heile landet og ei sterkare overordna innsatskoordinering på FN-hald. Sett frå ein norsk synsvinkel er det difor positivt at det no er brei semje i alliansen om denne tilnærminga. Det er verdt å merkje seg at NATO i 2007 heldt møte med ikkje-allierte troppebidragsytarar, EU, FN, Verdsbanken, afghanske styresmakter og andre aktørar for å diskutere koordineringa av den samla innsatsen i Afghanistan. Dette innebar ikkje at NATO tok på seg

noko overordna ansvar, berre at alliansen stetta eit behov i påvente av at FN skulle gjere seg sterkare gjeldande.

Ved årsskiftet 2007–2008 deltok 14 partnarland frå fleire kontinent saman med dei 26 allierte i ISAF. Desse 40 landa stilte ein styrke på over 40 000 soldatar. Alle dei nordiske landa var representerte. Også dei nordiske partnarlanda Sverige og Finland deltok aktivt når operasjonen blei drøfta i ulike partnarforum i NATO. På norsk side blei det lagt stor vekt på tett dialog med dei nordiske naboane våre om Afghanistan, både innanfor NATO-rammene og i andre samanhengar.

Ei tilknytt sak som stod sentralt i NATO også i 2007, var spørsmålet om å fjerne nasjonale restriksjonar på bruken av styrkar. På NATO-toppmøtet i Riga i 2006 forplikta alle allierte seg til å redusere slike restriksjonar til eit minimum for å oppnå størst mogeleg fleksibilitet og effektivitet. Samtidig var fleire allierte opptekne av at restriksjonane gav rom for bidrag som av politiske årsaker elles ikkje kunne blitt stilt til disposisjon for NATO.

Ein kompliserande faktor i denne debatten er utan tvil den geografiske omlegginga av tryggingss- og stabiliseringsoperasjonen ISAF i 2006, då operasjonen blei utvida til å omfatte heile Afghanistan. Gjennom det fekk NATO eit ansvar også i dei sørlege og austlege områda i landet. Det var i desse områda motstanden mot dei demokratisk valde afghanske styresmaktene og det internasjonale nærværet var størst. I 2007 stod NATO såleis overfor ein svært krevjande tryggingssituasjon. FN-resolusjon 1776 (2007), som fornyar ISAF-mandatet, skildrar ein svært kompleks situasjon der tryggleiken er truga av eit aukande samarbeid mellom Taliban, Al Qaida, andre væpna grupper og deltakarar i narkotikahandelen. Den krevjande tryggingssituasjonen skuldast òg ei taktisk omlegging hos Taliban og andre illegitime væpna grupper. Mens det tidlegare var regulære kamphandlingar mellom ISAF og større grupper av opprørarar, var sjølvmonds- og vegbomber no ein stadig større trussel både mot afghanarane og det internasjonale nærværet.

Taliban og andre væpna grupper valde samtidig i aukande grad å skjule seg blant sivilbe-

folkninga. Våren og sommaren 2007 resulterte dette i stor merksemd om episodar der ISAF-innsats medførte sivile tap. Denne utviklinga førte til aukande kritikk mot ISAF frå afghanske styresmakter, og utløyste debatt i mange NATO-land, deriblant Noreg, om måten ISAF løyste oppgåvene sine på.

Fleire allierte, deriblant Noreg, la stor vekt på at NATO måtte ta denne utfordringa alvorleg sidan ho i siste instans kunne rokke ved legitimiteten til ISAF-operasjonen og støtta i den afghanske befolkninga, som styrken var avhengig av for å kunne utføre oppdraget. Regjeringa la stor vekt på at det måtte utformast nye prosedyrar som reduserte faren for tap av sivile liv til eit absolutt minimum. Det var difor svært positivt at det nokså snart blei semje i NATO om slike nye prosedyrar, og at situasjonen deretter betra seg markant.

Måten NATO og afghanske styresmakter behandla fangar på, gav opphav til ein liknande debatt i 2007. ISAF har mandat til å pågripe personar for å hjelpe afghanske styresmakter med å skape trygge forhold i Afghanistan. Personar som blir pågripne med assistanse frå ISAF, blir i praksis overlatne til afghanske styresmakter eller sette fri. Denne praksisen er i samsvar med folkeretten.

Frå norsk side er det i denne samanhengen understreka at Afghanistan er ein sjølvstendig stat med folkerettsleg og konstitusjonsfesta plikt til å respektere dei internasjonale menneskerettane og internasjonal humanitærrett. Regjeringa har difor lagt stor vekt på at desse krava blir innfridde i praksis, og har ein tett dialog med afghanske menneskerettsorganisasjonar med det for auge.

I NATO er det elles semje om at verken ISAF eller dei troppebidragsytande landa har noko ansvar for å etablere parallelle rettsstrukturar utanfor det afghanske lovverket. På same måten som andre allierte har Noreg likevel ei sterk interesse av velferda til pågripne personar. Difor vidareførte vi i 2007 støtta til reformer i det afghanske justisvesenet.

Som følgje av vedtak på toppmøtet i Riga intensiverte NATO i 2007 støtta til afghanske tryggingstyrkar. Denne auka innsatsen har sin bakgrunn i at støtte til og ansvarleggjering av afghanske styresmakter, også på tryggingssida, er ein avgjerande føresetnad for at Afghanistan gradvis kan ta ansvar for sin eigen lagnad. Denne strategien, som på sikt har til mål å leggje til rette for redusert NATO-nærvær i Afghanistan, inneber langvarig og omfattande opplærings- og materiellstøtte.

Resultata av denne innsatsen tek no til å vise seg. Med støtte frå ISAF deltok den afghanske hæren i 2007 stadig oftare i fremste rekkje, og han

har no begynt å overta leiinga av operasjonar. Det er håp om at styrkemålet på 70 000 afghanske soldatar kan oppfyllest hausten 2008. Ein høgare afghansk profil er viktig, også sett i lys av debatten om å unngå sivile tap og dermed styrkje legitimiteten til ISAF. Det står likevel mykje att både når det gjeld utrusting og trening av dei afghanske styrkane. Difor er det semje i NATO om å styrkje innsatsen ytterlegare på dette området.

Situasjonen i Afghanistan blir i stor grad påverka av den politiske situasjonen og trygging utfordringane i nabolanda. Regjeringa argumenterte difor også i 2007 for ei regional tilnærming. Det blei lagt stor vekt på at NATO må sjå sin eigen innsats i ein brei regional samanheng. Det var etter norsk syn positivt at NATO trass i den spesielt krevjande situasjonen i Pakistan oppnådde eit tett politisk og militært samarbeid med dette nabolandet. På militær side var trepartskommisjonen mellom Afghanistan, Pakistan og ISAF spesielt viktig for å leggje til rette for eit tillitsfullt samarbeid om tryggingsspørsmål av felles interesse, og då spesielt grenserelaterte spørsmål. Samarbeidet blei i liten grad påverka av uroa i Pakistan, og det var vilje på begge sider til å utvikle det militære samarbeidet og den politiske dialogen.

Saman med nokre andre allierte fremja Noreg våren 2007 også eit initiativ til styrking av dialogen mellom NATO og dei sentralasiatiske landa Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan. Afghanistan deltek aktivt i denne dialogen. Det overordna målet er å medverke til sterkare regionalt samarbeid gjennom å utveksle synspunkt på grenseoverskridande problemstillingar og å vurdere moglege felles innsats. Likeins tok Noreg ved fleire høve til orde for tettare samarbeid med Iran. Det blei understreka at andre spørsmål ikkje måtte fungere som hinder for eit sakleg avgrensa samarbeid med Iran om utfordringane i Afghanistan. I den samanhengen blei det understreka at også Afghanistan ønskte eit slikt samarbeid.

Dei grenseoverskridande problema kan illustrerast med den auka narkotikaproduksjonen i Afghanistan, som har konsekvensar langt utover landegrensene. Produksjon og smugling nådde nye høgder i 2007. Afghanistan er i dag den klart største produsenten av opium i verda, og over 90 % av all heroin som blir omsett i Noreg, er av afghansk opphav. Samtidig blir koplinga til tryggingssituasjonen stadig klarare ved at opprørsstyrkar i aukande grad finansierer verksemda si med narkotikahandel.

ISAF har ei avgrensa støtterolle i kampen mot narkotikavundet, men utviklinga førte i 2007 til dis-

kusjonar om kor vidt denne innsatsen burde styrkjast. På norsk side var vi opne for å sjå på korleis dette kunne gjerast, om nødvendig gjennom tilpassing av operasjonsplanen for ISAF. Samtidig var det klart at denne komplekse utfordringa ikkje kan løysast med militære middel. Afghanske styresmakter og den afghanske befolkninga må etter norsk syn spele ei sentral rolle i samarbeid med relevante internasjonale aktørar. Utrydding av avlingar er isolert sett ikkje eit tilfredsstillande middel. I staden må ei løysing søkjast i utvikling av alternative levevegar og konkrete tiltak for å redusere det utbreidde korrupsjonsproblemet i Afghanistan.

I forlenginga av den regionale tilnærminga medverka Noreg i 2007 til eit prosjekt i regi av NATO–Russland-rådet (NRC) til opplæring og trening av personell til antinarkotikainnsats i Afghanistan. Forutan allierte land, Russland og Afghanistan omfattar samarbeidet dei fem sentralasiatiske republikkane og har dermed ein viktig regional funksjon.

Noreg deltok også i 2007 med viktige militære bidrag i tillegg til at den sivile støtta til Afghanistan blei trappa vesentleg opp. Langsiktig arbeid, kontinuitet og lokalkunnskap er viktige delar av grunnlaget for innsatsen. Gjennom 2007 var det norske styrketalet i Afghanistan på om lag 500 soldatar, med dei største bidraga nord i landet. I Mazar-e-Sharif i Balkh-provinsen stilte Noreg mellom anna ein hurtigreaksjonsstyrke, eit logistikelement og stabsoffiserar. I tillegg medverka Noreg med personell til såkalla «Operational Mentoring and Liaison Teams» (OMLT), som trenar og rettleier personell i den afghanske hæren. Fram til september 2007 stilte Noreg ei spesialstyrkeeeining i Kabul-regionen. Noreg stod dessutan for leinga av den militære delen av Kabul internasjonale flyplass frå april til oktober 2007.

I vedtak 5. november 2007 fastsette regjeringa det norske styrkebidraget til ISAF for 2008. I mars 2008 skal det på nytt sendast ei spesialstyrkeeeining til Kabul for ein periode på 18 månader. Denne styrken kan dra nytte av den erfaringa og kunnskapen som blei opparbeidd under oppdraget i 2007. Vedtaket blei gjort i vissa om at ein trygg hovudstad er avgjerande for at afghanske styresmakter og det internasjonale samfunnet skal kunne utføre oppgåvene sine. Med den meir krevjande tryggingssituasjonen i Kabul-regionen er dette eit bidrag som er høgt verdsett av afghanske styresmakter og NATO.

Også i 2007 var Noreg leiar for det såkalla regionale stabiliseringslaget («Provincial Reconstruction Team» – PRT) i Meymaneh i Faryab-provinsen, der også finsk og latvisk personell deltok.

Med denne innsatsen medverka dei til å skape ein meir stabil situasjon i denne delen av Afghanistan slik at sivile hjelpeorganisasjonar kunne setjast inn.

For å setje stabiliseringslaget betre i stand til å patruljere over større område i Faryab-provinsen vil Noreg i 2008 auke det militære nærværet med om lag 100 soldatar. Saman med eit helikopterbidrag vil denne forsterkinga gjere det lettare for laget å sikre seg sjølv. Kontinuiteten i dei norske bidraga gjer at det kan opparbeidast kunnskap om lokale forhold og tillit mellom dei ulike aktørane, noko som har medverka til effektive og godt utførte oppdrag under til dels svært krevjande tilhøve.

Noreg var i 2007 også ein av dei største bidragsytarane til sivil gjenreising i Afghanistan. Det norske bidraget til humanitær hjelp og utvikling auka frå om lag 350 millionar kroner i 2006 til 500 millionar i 2007. Regjeringa har vedteke å auke dette bidraget med ytterlegare 50 % slik at den sivile støtta i 2008 blir på 750 millionar kroner. Afghanistan blir då ein av dei største mottakarane av norsk bistand.

Sjølv om ISAF har same mandatet og måla som då NATO overtok leinga av operasjonen i august 2003, har situasjonen i Afghanistan endra seg vesentleg på fleire område sidan då. På forsvarsministtermøtet i Nederland 24. og 25. oktober 2007 blei det difor vedteke at det skulle utarbeidast ein brei plan for å avklare kva politiske og militære målsetjingar og tiltak NATO skal operere med dei kommande åra. Planen skal leggjast fram på NATO-toppmøtet i Bucuresti i april 2008.

Frå regjeringa si side blei det i den samanhangen understreka at planen ikkje inneber noka endring i den grunnleggjande strategien for ISAF, som er nedfelt i ei rekke FN-resolusjonar og vedtaka frå London-konferansen i januar 2006. Målet er snarare å setje den militære innsatsen inn i eit samla perspektiv for å klargjere viktige sider ved rolla, strategien og målsetjingane til NATO, også i høve til andre aktørar. Den overordna rolla til FN og den afghanske regjeringa, tett samarbeid med andre internasjonale aktørar og innsats i samsvar med afghanske prioriteringar måtte etter norsk syn vere berande element i planen. Det blei òg lagt vekt på at planen må fungere som eit innspel i den offentlege debatten om korleis det samla internasjonale samfunnet heretter skal engasjere seg i Afghanistan, og om arbeidsdelinga mellom dei ulike aktørane. På den måten kan planen klargjere kva NATO har som sine primære oppgåver, og kven som har ansvaret for andre sider ved utviklinga i Afghanistan.

3.2 Balkan

Utviklinga på Balkan var i 2007 prega av forhandlingane om ein sluttstatus for Kosovo. Etter utnemninga av den nye regjeringa i Serbia våren 2007 kom spørsmålet i aukande grad til å dominere serbiske relasjonar med omverda, NATO medrekna.

Etter at tryggingrådet i FN ikkje kom til semje om vidare framdrift i Kosovo-spørsmålet, mellom anna gjennomføringa av overvaka sjølvstende i samsvar med Ahtisaari-planen, blei ei gruppe samansett av EU, USA og Russland (kontaktgruppetroikaen) sett ned hausten 2007 for å gjere eit nytt forsøk på å komme fram til ei forhandlingsløyning. Men styresmaktene i Beograd og Pristina heldt på kjende posisjonar i forhandlingane, og partane lukkast ikkje i å komme fram til eit samlande kompromiss innan 10. desember 2007, som var fristen gruppa hadde med å rapportere til Tryggingrådet. Serbia var villig til å gje Kosovo omfattande autonomi, men ikkje sjølvstende, mens ein frå kosovoalbansk side ikkje ville godta mindre enn fullt sjølvstende.

Noreg støtta kontaktgruppetroikaen i forsøket på å nå fram til ei forhandlingsløyning. Frå norsk side var det svært viktig å få alle alternative kompromissforslag på bordet sjølv om det ikkje lét seg gjere å finne ei løyning som begge partar kunne akseptere. Avslutninga av forhandlingane innleidde etter norsk syn ein ny fase der utgangspunktet på alliert side var at status quo i Kosovo-spørsmålet ikkje kunne fremje stabilitet i regionen.

Regjeringa framheva at utforminga og gjennomføringa av statusavklaringa måtte styrkje stabiliteten i Kosovo og regionen elles. Vidare var det viktig å sikre demokratiet og respekten for rettsstatsprinsippa og minoritetsrettane i Kosovo. For å sikre ei stabil og positiv utvikling i Kosovo og regionen elles la ein frå norsk side vekt på at det internasjonale samfunnet måtte opptre mest mogeleg samla.

I lys av dette blei det etter norsk syn ekstra viktig å sende klare signal om at NATO var villig til å vidareføre KFOR-operasjonen på ein måte som sikra styrken legitimitet og ei upartisk rolle overfor dei ulike folkegruppene. Hovudoppgåva til KFOR måtte etter norsk syn framleis vere å stabilisere provinsen og gjere han tryggare for innbyggjarane og å yte assistanse til FN-administrasjonen (UNMIK).

KFOR omfatta ved årsskiftet 2007–2008 rundt 16 000 soldatar. Det var brei semje i alliansen om å oppretthalde dette styrketalet og å ha tilstrekkelege reservar i beredskap ved eventuell uro. Hausten 2006 blei KFOR omorganisert til ein såkalla

«Task Force»-struktur med robuste og mobile styrkar som kan operere i heile Kosovo, noko som gjorde styrken meir fleksibel og effektiv. Dette viste seg seinast i samband med uroa i mars 2007, då ein mindre episode førte til massedemonstrasjonar. Det norske bidraget bestod i 2007 av stabsoffiserar i KFOR-hovudkvarteret og eit mindre etterretningsselement.

På bakgrunn av den usikre statussituasjonen var det etter norsk syn svært viktig at NATO-utanriksministrane på møtet i Brussel 7. desember 2007 stadfeste at KFOR ville bli verande i Kosovo same kva utfallet av statusprosessen vart.

Det blei òg vedteke at NATO skulle hjelpe og samarbeide med andre internasjonale organisasjonar for å sikre eventuelle framtidige tryggingarangement for Kosovo. Dette var særleg viktig i samband med den sivile ESDP-operasjonen som EU planla i Kosovo. Men det var òg viktig at KFOR støtta ei overføring av oppgåver frå UNMIK til EU. For å planleggje ein eventuell KFOR-innsats side om side med ein sivil ESDP-operasjon blei det arbeidd for å få på plass avtalar som kunne regulere samarbeidet og oppgåvefordelinga mellom dei to styrkane. Som følge av problema i tilhøvet mellom NATO og EU kom formaliseringa av eit slikt samarbeid dessverre ikkje i stand i 2007.

Bosnia-Hercegovina opplevde hausten 2007 ei av sine alvorlegaste politiske kriser på fleire år. Krisa gjaldt konstitusjonelle spørsmål i tilknytning til maktfordelinga mellom entitets- og statsnivået og politireformer, og illustrerte at statsdanninga framleis var skrøpeleg. Sjølv om dei politiske reformene i Bosnia-Hercegovina i mange tilfelle gjekk sakte framover, var det god framdrift i forsvarsreformene i 2007. Det førte til at landet tidleg i 2008 signaliserte eit ønske om snarleg oppgradering av samarbeidet med NATO.

EU vidareførte i 2007 det militære engasjementet sitt i Bosnia-Hercegovina (EUFOR Althea), men styrken blei i løpet av 2007 redusert i tal frå omtrent 6000 til 2500. EUFOR Althea er ein unik konstruksjon som byggjer på dei såkalla «Berlin+»-ordningane. Gjennom denne ordninga er den militære nestkommanderande for NATO i Europa (DSACEUR) også leiar for EU-operasjonen i Bosnia-Hercegovina. NATO heldt oppe hovudkvarteret sitt i Sarajevo for å yte assistanse til forsvarsreformar og for å hjelpe landet å dra nytte av partnarssamarbeidet i NATO. Alliansen støtta dessutan EU med etterretning og i arbeidet med å spore opp personar som er ettersøkte av den internasjonale krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY).

Det norske bidraget i Bosnia-Hercegovina omfatta i 2007 stabsoffiserar til NATO-hovudkvarteret i Sarajevo og eit feltsambandsteam («Liaison and Observation Team» – LOT) til EUFOR Althea. Mot slutten av 2007 blei det vedteke at desse bidraga ikkje skulle vidareførast i 2008.

3.3 Treningsoppdraget i Irak

Treningsoppdraget i Irak (NTM-I) blei oppretta under NATO-toppmøtet i Istanbul 28.–29. juni 2004. NTM-I skal gjennom opplæring medverke til at irakiske tryggingstyrkar på sikt kan ta ansvaret for tryggingssoppgåvene i eige land. I 2007 medverka dei allierte til NTM-I gjennom deltaking med personell i Irak, støtte til treningsaktivitetar utanfor Irak og finansielle bidrag til opplæring eller materiellstøtte til den irakiske hæren. Noreg medverka ikkje med treningsinnsats eller økonomisk støtte til NTM-I i 2007.

NTM-I gjekk i løpet av 2007 over frå ei tradisjonell opplæringsrolle til ei mentorrolle, mens irakiske styresmakter overtok ansvaret for opplæringa. I oktober 2007 starta førebuingane til opplæring i gendarmeriprega politiarbeid i samsvar med den nye rolla til oppdraget. I tråd med irakiske målsetjingar blei opplæring innanfor dei irakiske landegrensene prioritert i 2007.

3.4 NATO-operasjonen i Middelhavet

Etter terroråtaket 11. september 2001 sette NATO i verk fleire tiltak for å demme opp for terrorisme

og spreining av masseøydeleggingsvåpen. Eitt av desse tiltaka var lanseringa av ein patruljerings- og overvakingsoperasjon («Operation Active Endeavour» – OAE) i Middelhavet. Gjennom overvåkings- og eskorteoppdrag i internasjonalt farvatn i Middelhavet medverkar NATO til å sikre eit svært viktig sjøområde. Ved mistenkjeleg åtfærd, og etter samtykke frå flaggstat og kaptein, utfører OAE i nokre tilfelle bording av skip. Sidan operasjonen tok til, har over 75 000 fartøy vore overvaka, og om lag 100 er borda.

NATO arbeidde i 2007 vidare med å leggje til rette for at ikkje-allierte land skulle kunne delta breitt i OAE. Russland følgde opp deltakinga i 2006 med å sende fregatten RFS Ladniy hausten 2007. I ei tid med utfordringar i tilhøvet mellom NATO og Russland gav denne deltakinga eit positivt signal om potensialet i det operative samarbeidet.

Også landa i Middelhavsregionen viser interesse for å samarbeide og støtte opp om OAE. Det kan vere med og vidareutvikle NATO-samarbeidet med partnarane i Middelhavsdialogen, og illustrerer at desse landa er interesserte i eit samarbeid for å slå tilbake terrorismen.

Interessa for å delta i operasjonen kan òg forklarast med at OAE er blitt ein katalysator for transformasjon og teknologiutvikling. Nye operasjonskonsept og overvakingssystem har ført til vesentleg betre oversik over trafikken og trusselbiletet i Middelhavet, noko som generelt har styrkt NATO i evna til å auke tryggleiken til sjøs.

Noreg har i fleire år delteke i OAE med ubåtar, fregattar, missiltorpedobåtar og maritime overvåkingsfly. I 2007 deltok Noreg med éin ubåt i perioden februar til mai.

4 Samarbeidet med Russland

Samarbeidet mellom NATO og Russland går føre seg i regi av NATO–Russland-rådet (NRC). Her er dei allierte og Russland likeverdige partnerar, og avgjerder krev konsensus blant dei 27 NRC-landa. Utgangspunktet for samarbeidet er ei gjensidig erkjenning av at NATO og Russland deler mange utfordringar som best kan løysast i fellesskap gjennom dialog og praktisk samarbeid. Underteikninga av Grunnakta mellom Russland og NATO i 1997 og opprettinga av NRC i 2002 blei markert 25.–26. juni 2007 med høvesvis fem- og tiårs jubileumsarrangement i St. Petersburg og Moskva. Jubileumsmøtet stadfeste viljen til eit strategisk samarbeid.

Regjeringa legg stor vekt på den overordna tilittsskapande funksjonen til NRC og på dialogen om felles tryggingpolitiske problemstillingar og praktisk samarbeid som denne strukturen opnar for. Noreg arbeidde difor aktivt i 2007 for å utvikle det politiske og praktiske samarbeidet mellom NATO og Russland.

Kontakten var i 2007 prega av usemje i fleire sentrale tryggingpolitiske spørsmål. Det var klare motsetnader i synet på utviklinga i Kosovo, missilforsvar og avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE). Frå russisk side blei det reagert negativt på georgisk og ukrainsk tilnærming til NATO. At Russland 12. desember 2007 suspenderte den tilpassa avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa, var eit alvorleg tilbakeslag i nedrustings- og rustingskontrollsamaheng. Tilhøvet utvikla seg difor i negativ lei.

I lys av dei norske ambisjonane for samarbeidet var det viktig at spørsmåla som det var usemje om, jamleg blei drøfta i løpet av året. Det stadfeste etter vårt syn at NRC har ein viktig funksjon som forum for politisk dialog og auka tillit. Også på russisk side blei det lagt stor vekt på ein substansiell politisk dialog.

Etter norsk syn er det viktig at dialogen blir underbygd av eit breitt praktisk samarbeid. Frå norsk side blei det argumentert for at det var særleg viktig å styrkje denne delen av samarbeidet i ein periode då politiske motsetnader dominerer. Difor var det uheldig at det russiske engasjementet i det praktiske samarbeidet minka ytterlegare i

2007. Russland reduserte deltakinga si i felles militære aktivitetar som ein reaksjon på politiske motsetnader med NATO.

På den positive sida må det likevel nemnast at Russland i 2007 for andre gong deltok med eit fartøy i den NATO-leidde OAE-operasjonen. Den russiske ratifikasjonen av det rettslege rammeverket for utveksling av militære styrkar – styrkestatusavtalen – var òg eit vesentleg framsteg som legg til rette for ei utvikling av det praktiske militære samarbeidet framover. Det bar bod om at Russland framleis er interessert i samarbeid på det dei definerer som prioriterte område.

Ein viktig grunn til den norske tilnærminga til det praktiske samarbeidet i NRC var at mange av dei russiske prioriteringane samsvarte med våre egne. Vi konsentrerte mykje av innsatsen om sivil beredskap, miljø- og oljevernberedskap, styrking av den offentlege informasjonsinnsatsen om NRC og øvingar og trening, mellom anna i søk og redning til sjøs. Vidare ble det frå norsk side lagt vekt på å stå som vertskap for øvingar og konferansar innanfor ramma av NRC. I november 2007 stod vi som vertskap for eit NRC-seminar i Tromsø om tiltak mot oljeutslepp. I 2008 skal det haldast ei større ubåtredningsøving i norske farvatn med russisk deltaking, og i 2009 er det planlagt ei sivil krisehandteringsøving i Noreg innanfor NRC-ramma.

Som nemnt ovanfor (jf. punkt 3.1) prioriterte ein frå norsk side i 2007 økonomiske bidrag til NRC-prosjektet for opplæring og trening av personell til antinarkotikainnsats i Afghanistan. Forutan dei allierte og Russland omfattar dette samarbeidet Afghanistan, Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan. Prosjektet er retta mot eit problem som vedgår alle landa, og er samtidig knytt til ei av dei sentrale utfordringane i innsatsen for å skape eit trygt og stabilt Afghanistan. Difor har det viktige praktiske og politiske dimensjonar. Såleis var det gledeleg at det under jubileumsarrangementet for NRC oppstod semje om å bygge vidare på dei gode erfaringane frå dette prosjektet gjennom å utvikle ei felles tilnærming til Afghanistan som skal styrkje samarbeidet på ei rekkje område.

5 Partnarsamarbeidet

NATO-samarbeidet med partnerland er eit sentralt element i arbeidet for transatlantisk tryggleik og stabilitet, også utanfor det transatlantiske området. Det overordna målet er å medverke til reform i partnerlanda og å gjere alliansen og partnerane betre i stand til å førebyggje og møte felles tryggingsspolitiske utfordringar. Sidan tidleg på 1990-talet er partnarsamarbeidet vesentleg vidareutvikla, mellom anna med ei rekkje nye partnerland.

Partnarsamarbeidet omfattar i dag ei stor og differensiert gruppe land som kvar for seg har ulike referanserammer og ambisjonar i sitt samarbeid med NATO. Fleksibilitet, pragmatisme og eigne prioriteringar ligg til grunn for partneraktivitetane. Partnerane vel dermed sjølve kva nivå dei vil samarbeide på.

Sjølv om samarbeidet i prinsippet er individuelt, omfattar det like fullt ei rekkje uformelle grupperingar. Den euroatlantiske partnerskapen («Euro Atlantic Partnership» – EAP) omfattar land på det europeiske kontinentet, i Kaukasus og i Sentral-Asia, Middelhavsdialogen (MD) omfattar land i Nord-Afrika og ved Middelhavet og Istanbul-initiativet («Istanbul Cooperative Initiative» – ICI) land i Golf-regionen og Midtausten. Dei såkalla kontaktlanda er ei ueinsarta gruppe land utanfor Europa (Australia, New Zealand, Japan og Sør-Korea) som ønskjer seg eit meir uformelt samarbeid med NATO, og nokre av dei medverkar vesentleg til NATO-operasjonar.

Partnarsamarbeidet omfattar både politisk dialog og praktisk samarbeid. Den politiske dialogen er retta mot aktuelle tryggingsspolitiske problemstillingar av felles interesse og blir ført på ei rekkje nivå og i ulike format. Dei alliansefrie vesteuropeiske partnerlanda Sverige, Finland, Austerrike, Sveits og Irland legg stor vekt på denne dialogen som ein inngang til den transatlantiske tenkinga også rundt overordna problemstillingar, mens dialogen med andre partnerland i større grad er retta mot regionale og nasjonale saker.

Det praktiske samarbeidet omfattar støtte frå NATO til forsvars- og tryggingsssektorreformer i partnerland, støtte frå partnerland til NATO-operasjonar og utstrekt samarbeid og erfaringsutveksling på ei rekkje andre område. Reformstøtta inn-

går i breiare reformprosessar i partnerland knytte til politisk omstilling og demokratisering, og medverkar til ei gradvis oppbygging av ein verdifelleskap med dei allierte. Reformarbeidet er spesielt utvikla innanfor rammene av det praktiske samarbeidsprogrammet Partnerskap for fred («Partnership for Peace» – PFP) under EAP. I 2007 var reformstøtta frå NATO spesielt retta mot partnerland på Balkan, men også i Kaukasus og Sentral-Asia.

Eit vesentleg formål med reformarbeidet er å styrkje samvirkeevna mellom militære styrkar frå NATO og partnerlanda. Partnerane spelar ei vesentleg rolle i NATO-operasjonane gjennom sine styrkebidrag og er såleis med på å styrkje legitimiteten i desse operasjonane. Ved årsskiftet 2007–2008 deltok 16 partnerland i NATO-leidde operasjonar med styrkebidrag som utgjorde i overkant av 7 % av dei samla styrkane i operasjonane. NATO er i realiteten avhengig av partnerbidrag for å gjennomføre sine operasjonar.

Toppmøtet i Riga vedtok at partnerskapane skulle vitaliserast, mellom anna ved å gjere fleire av dei praktiske samarbeidsverktøya i PFP tilgjengelege også for MD, ICI og kontaktlanda. Det blei òg vedteke å ta i bruk fleksible møteformat og å leggje meir vekt på forsterka samarbeid med land som bidreg til NATO-operasjonar.

Eit sentralt tema i NATO i 2007 var korleis vedtaka frå toppmøtet i Riga konkret skulle følgjast opp. Diskusjonen var sentrert om graden av fleksibilitet innanfor og mellom dei ulike partnerskapane. USA la vekt på forholdet til land som kan yte vesentlege bidrag til NATO-operasjonar, deriblant Australia, New Zealand, Sør-Korea og Japan i tillegg til Sverige og Finland. Andre allierte la vekt på samarbeid med partnerane i det euroatlantiske området.

Frå norsk side blei det i denne diskusjonen lagt vekt på å finne den rette balansen mellom styrkt politisk dialog og breitt praktisk samarbeid innanfor dei spesifikke partnerskapane. Behovet for fleksibilitet i samarbeidet med troppebidragsytande land blei understreka. Det blei lagt vekt på at dette ville medverke til å vitalisere partnerskapane.

5.1 Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC)

Euroatlantisk partnerskapsråd («European Atlantic Partnership Council») er eit politisk dialogforum der 26 allierte og 23 partnerland møtest for å diskutere felles tryggingsspolitiske utfordringar. Partnerane i EAPC er dei alliansefrie vesteuropeiske landa (Austerrike, Finland, Sverige, Irland og Sveits), dei tre kandidatlanda på det vestlege Balkan (Albania, Kroatia og Makedonia) som deltek i NATO-medlemskapsprogrammet «Membership Action Plan» (MAP), dei tre deltakarane i Partnerskap for fred (PFP) på det vestlege Balkan (Serbia, Bosnia-Hercegovina og Montenegro), dei tre landa i Sør-Kaukasus (Armenia, Aserbajdsjan og Georgia) som har individuelle samarbeidsprogram med NATO, dei fem sentralasiatiske landa (Kasakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan) og Moldova, Ukraina, Kviterussland og Russland.

Dette er ei ueinsarta gruppe med ulike interesser og behov, og det er difor utfordrande å gjere dialogen substansiell og framtidsretta, også på bakgrunn av at EAPC ikkje er eit forum som kan ta avgjerder. Dette fører ofte til at manglande interesse og substans får prege den politiske dialogen.

På bakgrunn av misnøye blant allierte og enkelte partnerland med den manglande oppfølginga av Riga-vedtaka om å styrkje dialogen med partnerlanda i EAPC blei utanriksministrane i NATO på møtet 7. desember 2007 samde om å gjere konsultasjonane innanfor EAPC meir fokuserte og prioriteringsorienterte, mellom anna gjennom bruk av fleksible møteformat. Det står att å sjå om dette får dei ønskje positive følgjene.

5.2 Regional tilnærming til Balkan

Noreg vidareførte i 2007 arbeidet for ei regional NATO-tilnærming overfor landa på Balkan. Regjeringa hadde til utgangspunkt å unngå at det blir skapt kunstige skiljelinjer ved at enkeltland eller grupper av land blir hengjande etter i integrasjonsprosessen. Frå norsk side blei det difor lagt vekt på at styrking av samarbeidet med alle Balkan-landa var eit vesentleg bidrag til stabilitet på det europeiske kontinentet. I lys av dette er det positivt at alle landa på Vest-Balkan i dag har ei formell tilknytning til NATO, om enn med varierende grad av integrasjon.

Frå norsk og alliert side blei det lagt vekt på å ansvarleggjere Serbia og Bosnia-Hercegovina med omsyn til å etterkomme krava frå FN's internasjonale

krigsforbrytardomstol for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Samtidig argumenterte Noreg for eit aktivt og breitt forhold til Serbia for å unngå at landet isolerer seg frå NATO og EU, sidan dette ville vere uheldig for den regionale stabiliteten på lengre sikt. Problemstillinga var særleg aktuell i lys av statusavklaringa for Kosovo og korleis denne påverkar tilhøvet mellom allierte og Serbia.

Vedtaket på toppmøtet i Riga om å opne for deltaking i EAPC og PFP for Serbia, Bosnia-Hercegovina og Montenegro var eit viktig skritt som det frå norsk side blei arbeidd hardt for å få i stand før møtet. Det at Bosnia-Hercegovina og Montenegro i løpet av 2007 sette i gang interne reformprosessar i forsvars- og tryggingssektoren, og viste stor vilje til omstilling, rettferdiggjorde det norske initiativet og bygde opp under den målsetjinga om auka euroatlantisk integrasjon som desse to landa har gjeve uttrykk for.

Sett på denne bakgrunnen var det skuffande at det politiske samarbeidet mellom Serbia og NATO stagnerte i 2007 som følgje av spørsmålet om sluttstatus for Kosovo og at Serbia oppfatta alliansen som partisk til fordel for eit uavhengig Kosovo. Regjeringa la likevel stor vekt på at NATO framleis måtte strekkje ut ei hand til Serbia.

Det bilaterale norske bidraget til reformprogramma i landa på Balkan i 2007 støtta opp om innsatsen for å sikre framgang i dei respektive euroatlantiske reformprosessane. Noreg hadde eit betydeleg bilateralt engasjement innan forsvarsreformer både i Serbia og Montenegro.

Overfor Serbia vidareførte Noreg si leiarrolle når det gjaldt NATO-støttefondet til reintegrering i sivil sektor av overflødig serbisk forsvarspersonell. Fondet er eit viktig element i forsvarsreformene og den vanskelege omstillinga dei væpna styrkane må gjennomgå. Noreg støtta også Montenegro i oppbygginga av eit forsvarsdepartement.

Frå 1. januar 2007 overtok Noreg rolla som kontaktambassade for NATO i Sarajevo. Gjennom dette spela Noreg ei aktiv rolle i dialogen mellom NATO og styresmaktene i Bosnia-Hercegovina. Regjeringa såg på dette som viktig for å medverke til at Bosnia-Hercegovina blir best mogeleg integrert i partnerskapsmekanismane, dreg maksimal nytte av dei og dermed opnar for ytterlegare styrking av tilnærminga.

5.3 Dei vesteuropeiske partnerlanda

Dei vesteuropeiske partnerlanda Austerrike, Finland, Irland, Sveits og Sverige står i ei særstilling i partnersamanheng og har i lengre tid medverka

vesentleg til NATO-operasjonar på Balkan og i Afghanistan. Dei kan tilby NATO veltrena og velutstyrte styrkar, og bidra deira fyller viktige behov i operasjonane, samtidig som dei er aktive i den politiske dialogen med NATO og kjem med viktige innspel og synsmåtar.

Difor la Noreg også i 2007 spesiell vekt på svenske og finske synspunkt i diskusjonen om utviklinga av partnerskapen. Regjeringa la særleg vekt på ønsket deira om å bli tettare inkluderte i planlegginga og gjennomføringa av operasjonar, mellom anna gjennom utvida bruk av møteformatet for troppebidragsytarar. Frå norsk side blei det framheva som fornuftig at dei troppebidragsytande partnarane får større tilgang til relevante diskusjonar og informasjon. Dette skaper eit betre grunnlag for omfattande og effektive bidrag.

Svenske og finske synspunkt er i stor grad samanfallande med dei norske i spørsmål som gjeld operasjonane. Difor argumenterte vi for at partnarane må få betre høve til å påverke avgjerder som har følgjer for deltakinga deira i NATO-operasjonar. Det vil styrkje motivasjonen til å stille relevante bidrag og sikre operasjonane større legitimitet utan å røre ved den overordna politiske kontrollen NATO skal ha. Noreg støtta difor svenske og finske ønske om rettidig tilgang på relevant informasjon og høveleg innpass i kommandokjeda i NATO.

For Sverige og Finland var deltaking i NATO-operasjonar av stor verdi med tanke på å sertifisere og øve EU-styrkar som skal ta del i ESDP-operasjonar, deriblant dei nordiske innsatsgruppene. Deltakinga er òg viktig for å leggje til rette for at dei skal kunne realisere ambisjonen om å få delta i NATO-reaksjonsstyrken («NATO Response Force» – NRF). Også av desse grunnane var det i norsk interesse å arbeide for den graden av integrasjon med NATO som Sverige og Finland sjølve ønskjer.

5.4 Tilhøvet til middelhavslanda og Midtausten

Samarbeidet i Middelhavsdialogen (MD) og Istanbul-initiativet (ICI) illustrerer at trusselbiletet i dag gjer stabile og trygge forhold i Middelhavsregionen, Persiagolfen og Midtausten til eit viktig omsyn også for dei allierte.

MD omfattar Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia og har som ei viktig målsetjing å medverke til tryggleik og stabilitet i regionen, forsterka dialog om felles tryggingssutfordringar og praktisk samarbeid i forsvars- og tryggingssektoren. MD er òg eit uttrykk for eit

gjensidig ønske om samarbeid i kampen mot terror.

Både den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet har utvikla seg positivt i 2007. Saman med Spania var Noreg pådrivar for å styrkje samarbeidet. Frå norsk side blei det særleg lagt vekt på å utvikle den politiske dimensjonen, mellom anna med fleire møte på ministernivå.

Samarbeidsklimaet var i ein periode påverka av den israelske bombinga av Libanon sommaren 2006, som førte til at dei arabiske landa ikkje var interesserte i å styrkje den politiske dialogen innanfor eit samarbeid som omfatta Israel. Dette biletet endra seg i 2007 og kulminerte med møtet på utanriksministernivå i Brussel 7. desember 2007. Her blei det uttrykt gjensidig vilje til å styrkje både den politiske dialogen og det praktiske samarbeidet. Ein vesentleg del av diskusjonen var vigd til breiare spørsmål i tilknytning til fredsprosessen i Midtausten, med spesiell vekt på oppfølging av Annapolis-konferansen. Dette representerte ei ny utvikling, då det tidlegare har vore motstand hos enkelte MD-land mot å drøfte Palestina-spørsmålet innanfor Middelhavsdialogen.

I 2007 gjekk Egypt som det andre MD-landet etter Israel inn i eit individuelt samarbeidsprogram med NATO. Det blei òg lagt meir vekt på interoperabilitet for å leggje til rette for at MD-land i større grad skal kunne delta i NATO-operasjonar.

Istanbul-initiativet (ICI) blei etablert på toppmøtet i Istanbul i 2004. Kuwait, Dei sameinte arabiske emirata (UAE), Qatar og Bahrain deltek i ICI. Samarbeidet er hovudsakleg av praktisk natur og baserer seg på årlege samarbeidsprogram som mellom anna omfattar aktivitetar innanfor antiterroriltak, forsvarsreform, ikkjespriing, sivil beredskap og militært samarbeid. I løpet av 2007 gav Kuwait, Bahrain og UAE uttrykk for sterke ønske om nærmare samarbeid med NATO, både politisk og praktisk. Dette er ei utvikling som mellom anna er tilskunda av Irak-krigen, regionale stormaktsambisjonar i Iran og tilhøvet mellom sunni- og sjiamuslimske grupper.

Før toppmøtet i Riga i 2006 tok Noreg saman med Italia og USA initiativ til å styrkje NATO i trenings- og opplæringsrolla i Nord-Afrika og Midtausten. Det blei vedteke at det skulle skreddarsast eit trenings- og opplæringsprogram tilpassa samarbeidet innanfor MD og ICI for å medverke til forsvarsreform og trening av tryggingssstyrkar. I 2007 blei det opna for at MD-landa skulle kunne delta i eksisterande utdanningskurs ved NATO Defence College (NDC) i Roma. Målet er å opprette eit eige fakultet ved NDC innan 2009.

På sikt kan det bli aktuelt å etablere eit permanent treningssenter i Midtausten dersom partnerlanda vil det. Regjeringa meiner at eit slikt senter kan stimulere til direkte kontakt på militært plan mellom dei deltakande landa. Det kan få ein viktig tillitsskapande funksjon. Det er viktig for regjeringa at både NATO-personell og ICI- og MD-personell skal delta i dei ulike treningsaktivitetane. Det vil skape nettverk og leggje grunnlaget for gjensidig kunnskapsutveksling og kulturforståing. Vidare kan treningssenteret bidra til demokratisk og militær reform i MD-/ICI-landa og styrkje dei i evna til å vareta eigen tryggleik.

Frå norsk side blei det òg lagt spesiell vekt på lokal eigarskap og gjensidig medverknad i opplæringa. Det er viktig at tilbodet er tilpassa etterspørselen og dei lokale forholda, og ikkje får preg av å vere eit uttrykk for at NATO har ei overordna interesse av eit tettare engasjement i regionen.

Som eit uttrykk for ønsket om å leggje hovudaktivitetane til regionen tok Noreg saman med Spania og Sveits i 2007 initiativet til det første NATO-støttefondet for eit MD-land. Fondet har til formål å hjelpe jordanske styresmakter med å fjerne ude-tonerte eksplosiv i landet.

5.5 Tilhøvet til kontaktlanda

Kontaktlanda er land utanfor Europa som ikkje deltek i dei formelle partnerskapsstrukturane. Samar-

beidet med desse landa blei likevel styrkt i 2007 gjennom møte i NATO og besøk av generalsekretær de Hoop Scheffer og andre sentrale representantar frå hovudkvarteret. Dette heng saman med at kontaktlanda ikkje ønskjer eit formalisert samarbeid med NATO, samtidig som dei i varierende grad er opptekne av å ha ein fortløpande dialog om felles trygging utfordringar og eit strukturert praktisk samarbeid. Dialogen er spesielt tett med Australia, New Zealand, Japan og Sør-Korea. Australia og New Zealand deltek med styrkar i ISAF.

NATO har òg i ulik grad uformell kontakt med ei rekkje andre land, deriblant Mongolia, Kina, Pakistan, Brasil, Colombia og Mexico.

På toppmøtet i Riga var det semje om å vidareutvikle samarbeidet også med kontaktlanda. Dei skal få tilgang til partnerskapsverktøy, og den politiske dialogen skal styrkjast, men utan at nye strukturar skal opprettast. Samtidig var det semje om at NATO ikkje skulle utvikle seg til ein global allianse, men at trygging utfordringane i dag inneber at det bør utviklast eit gjensidig fordelaktig samarbeid også med meir fjerntliggjande land. Her understreka Noreg at ein ikkje måtte skape inntrykk av at NATO går inn på FN's einemerke. Samtidig blei det frå norsk side påpeika at det var viktig for NATO å utvikle seg i ei retning som gjer alliansen betre i stand til å ta på seg krevjande oppdrag, også etter oppmoding frå FN.

6 Debatten om utviding av NATO

Medlemskapsprogrammet MAP omfatta i 2007 Albania, Kroatia og Makedonia. Dei tre kandidatane gjennomførte i 2007 ytterlegare reformer og blei tett oppfølgt med evaluering og rådgjeving frå NATO-hald. Hovudinntrykket er at alle tre gjorde gode framsteg, men at det var for tidleg å seie om det var tilstrekkeleg til medlemskap. Frå ein NATO-synsstad skorta det særleg på politiske og demokratiske reformer i Albania og Makedonia. Kroatia hadde på si side utfordringar med låg oppslutnad om NATO i opinionen, sjølv om målingar i andre halvdel av 2007 viste at eit fleirtal støtta medlemskap. Albania hadde store utfordringar knytte til den politiske kulturen og utbreidd korrupsjon i landet, og omfattande organisert kriminalitet var eit vesentleg rettsstatsproblem.

For Makedonia låg ei særskild utfordring i den bilaterale konflikten om namnespørsmålet med Hellas, som av historiske årsaker ikkje aksepterer det konstitusjonelle namnet på landet. Hellas hadde sagt frå om at dersom det ikkje blei semje om namnespørsmålet, ville dei leggje ned veto mot makedonsk invitasjon til MAP på toppmøtet i Bucuresti. Trass i intense forhandlingar og påtrykk frå fleire allierte kom ikkje dei to landa til semje, og Hellas, støtta av enkelte andre allierte, blokkerte dermed for makedonsk invitasjon til MAP, mens Albania og Kroatia fekk invitasjon. Noreg og dei fleste andre allierte har oppmoda sterkt om at det må arbeidast vidare for ei snarleg løysing på namnespørsmålet gjennom forhandlingane i FN-regi. Makedonia får medlemskapsinvitasjon så snart det er funne ei løysing på namnespørsmålet.

Utgangspunktet for Noreg og dei andre allierte var at desse landa høyrer heime i NATO. Medlemskap for dei er naturleg og vil vere eit viktig bidrag til europeisk og regional stabilitet. Samtidig har det heilt sidan NATO tok til på utvidingsprosessen for over ti år sidan, vore lagt vekt på at opptak er prestasjonsbasert og tek utgangspunkt i eit felles euroatlantisk verdigrunnlag. Det krev såleis vilje og evne til å ta på seg dei byrdene medlemskap i NATO inneber, og til å gjennomføre eit breitt sett reformer både i forsvarssektoren og innan demokratisering og rettsstatsutbygging. Vidare blir det lagt vekt på eit konstruktivt engasjement i regional

samanheng, avklaring av grensestridar og etniske konflikhtar og ein solid folkeleg oppslutnad om medlemskap. Eit viktig poeng for NATO er at medlemskap ikkje er eit slutt punkt for reformene, men ei anerkjenning av at reformene er komne til eit punkt der dei er irreversible og det aktuelle landet kan medverke konstruktivt til den kollektive alliansetryggleiken.

Regjeringa har i heile utvidingsprosessen lagt til grunn at kandidatlanda ikkje på eiga hand kan oppfylle kriteria for å bli inviterte. Støtte frå NATO som organisasjon vil alltid vere eit krav, supplert av assistanse frå individuelle NATO-land. I den førre utvidingsrunden blei det difor frå norsk side teke initiativ til konkrete tiltak for å hjelpe dei landa som då til slutt blei inviterte.

Dette initiativet er vidareført også i samband med den noverande utvidingsrunden. For å støtte dei tre MAP-landa i arbeidet med nødvendige reformer blei det arrangert ein møteserie med dei i Brussel i juni 2007. Møta var spesifikt innretta på spørsmål der kandidatlanda hadde særlege behov for assistanse som ikkje blei dekte i den normale dialogen med NATO. Alle tilbakemeldingane etter desse møta stadfester at initiativet var vellukka og nyttig for kandidatlanda i samband med medlemskapsførebuingane.

Frå norsk side blei det i debatten i 2007 òg lagt vekt på at kandidatane måtte gjere framskritt i kampen mot korrupsjon og menneskehandel og vidareføre arbeidet for å sikre minoritetsrettane og fremje ein multietnisk samarbeidskultur.

Georgia og Ukraina var òg omfatta av utvidingsdebatten i NATO. Begge landa har såkalla intensivert dialog (ID) med NATO. Denne dialogen opnar for tett politisk og teknisk samarbeid på fleire nivå og er eit naturleg, men ikkje nødvendig forstadium til MAP-status. I Bucuresti stadfeste alliansen at dei to landa kjem til å bli inviterte til å bli medlemmer, men at den endelege avgjerda om når det skal skje, skal takast seinare.

Utviklinga i 2007 viste at både Georgia og Ukraina framleis hadde store innanrikspolitiske og regionale utfordringar som NATO måtte ta omsyn til. Sjølv om Georgia utan tvil gjennomførte viktige reformer i 2007, særleg i forsvarssektoren, stod det

klart at fleire omfattande tiltak måtte til før ambisjonen om MAP-status og medlemskap i NATO kunne realiserast. Hendingane i samband med unntakstilstanden i november 2007 indikerte at Georgia framleis hadde ein veg å gå når det gjaldt utvikling av ein politisk og demokratisk kultur som er i pakt med den euroatlantiske verdifellesskapen. Dei same manglane gjorde seg gjeldande innan sivile strukturar og i lovverket.

Dei frosne konfliktane i Sør-Ossetia og Abkhasia representerte ei særleg tilleggsutfordring. Sjølv om ansvaret for å løyse desse konfliktane på ingen måte berre kviler på Georgia, var det fleire allierte som i 2007 påpeika at Georgia måtte medverke aktivt til ei fredelig løysing på dei frosne konfliktane.

Samarbeidet mellom NATO og Ukraina er formalisert gjennom NATO–Ukraina-kommisjonen (NUC) og ligg dermed på eit anna nivå enn tilfellet er for Georgia. Den intensiverte dialogen mellom NATO og Ukraina innanfor NUC-ramma blei vidaført i 2007 både på politisk nivå og i ekspertgrupper. Ukraina medverkar til alle pågåande NATO-operasjonar.

Diskusjonen om MAP-status og eventuelt medlemskap for Ukraina blei lagd på is då dåverande statsminister Janukovitsj i 2006 gjorde det klart at det ikkje var noko ønske om ei slik tilnærming. Men regjeringsskiftet hausten 2007 førte til ei endring i denne politikken, og den nye ukrainske regjeringa signaliserte i desember 2007 at ho likevel ønskte MAP-status på toppmøtet i Bucuresti.

Ukraina gjorde utan tvil framskritt i løpet av året, men framgangen i reformene og dialogen med NATO var likevel prega av det turbulente året i ukrainsk politikk. Nyval og uvisse rundt danninga av den nye regjeringa gjorde til at Ukraina blei forseinka med den årlege målplanen for samarbeidet med NATO i 2008. Det påverka òg den politiske

dialogen med NATO og tempoet i viktige delar av reformarbeidet. Dessutan var samarbeidet med NATO framleis politisk omstridd, og meiningsmålingar viste at den folkelege oppslutnaden om medlemskap var heller låg.

Alt i alt var det ved utgangen av 2007 såleis usikkert korleis samarbeidet mellom alliansen og Ukraina kom til å utvikle seg. Den grunnleggjande politiske splittinga på leiande politisk hald i Ukraina varer ved. Det påverkar utan tvil både arbeidet med å vinne gehør for medlemskap i opinionen og takta i dei politiske, militære og økonomiske reformene.

Noreg vidareførte støtta til reformarbeidet på ei rekkje område i 2007. Det blir særleg lagt vekt på hjelp til å byggje opp demokratisk orienterte leiingsstrukturar i forsvarssektoren. På norsk initiativ er det etablert eit nordisk-baltisk samarbeid for å støtte utviklinga av eit sivilt leiarsjikt i det ukrainske forsvarsdepartementet. Dette prosjektet heldt fram i 2007.

Regjeringa la i 2007 vekt på at ukrainsk og georgisk tilknytning til NATO må sjåast i eit overordna perspektiv. Sjølv om vilje og evne til reform opplagt er ein svært viktig indikator, må dei samla politiske konsekvensane av ei slik avgjerd òg vege svært tungt. I den samanhengen er dessutan tilhøvet til Russland ein faktor.

Frå norsk side er det fleire gonger understreka at Russland ikkje må ha nokon avgjerande innverknad på dei avgjerdene alliansen sjølv skal ta. På den andre sida har utvidings- og integrasjonsprosessane i NATO alltid vore baserte på ei politisk vurdering av kva som tener tryggleiken og stabiliteten i Europa. Etter norsk syn er det difor naturleg at alliansen tek seg tid til å vurdere alle sider ved tilhøvet til Ukraina og Georgia grundig når avgjerder skal takast.

7 Nye utfordringar

7.1 Missilforsvar

Utgreiinga av eit territorialt alliert missilforsvar i regi av NATO er basert på oppdrag som stats- og regjeringssjefane våre gav på toppmøta i Praha i 2002 og i Riga i 2006. Arbeidet med dette blei vidareført i 2007. Men då USA i byrjinga av året innleidde bilaterale konsultasjonar med Tsjekia og Polen om å byggje høvesvis radaranlegg og utskyttingsrampar for avskjeringsrakettar i dei to landa som ein del av eit amerikansk missilforsvarssystem, blei rammene for diskusjonen i NATO endra. Det var ikkje lenger aktuelt å drøfte eit eige alliert missilforsvarssystem som skulle verne om heile alliansen, for det ville duplisere det planlagde amerikanske systemet.

Spørsmålet blei snarare om og eventuelt korleis NATO kunne knyte seg til det amerikanske systemet, og korleis dei områda på alliert territorium som ikkje blei dekte av eit slikt system, kunne sikrast tilsvarende vern. Det gjeld i første rekkje Tyrkia, Hellas og delar av Romania og Bulgaria.

Noreg er eitt av dei NATO-landa som har stilt seg mest kritisk til utviklinga av allierte missilforsvarskapasitetar. Denne haldninga er basert på ei samla vurdering av trusselen og faren for at eit system kan føre til eit nytt rustingskappløp. Regjeringa har elles vore betenkt over det generelle tilhøvet til Russland og andre tredjeland, og over uvissa som knyter seg til kostnader og teknologiske utfordringar målt mot det ekstra vernet eit eventuelt missilforsvar kan gje for norsk territorium. Desse synspunkta blei fremja aktivt frå norsk side i diskusjonane i NATO i 2007.

Debatten i NATO viste brei semje blant andre allierte om at dersom det skal etablerast eit amerikansk system som dekkjer det meste av Europa, så er det naturleg å knyte seg til det. Ei slik tilknytning kan sikre alliansen innsyn og påverknad på det amerikanske systemet. Vidare blir det utgreidd om NATO bør utvikle eit komplementært missilforsvarssystem som kan gje alle allierte same vernet anten dei blir omfatta av det amerikanske systemet eller ikkje. Ei slik tilnærming er i samsvar med prinsippet om den udelelege tryggleiken, som er ein grunnleggjande premiss i NATO-samarbeidet.

Russland reagerte negativt på dei amerikanske planane i 2007. Frå russisk side blei det uttrykt frykt for at det amerikanske systemet skulle inngå i eit større globalt system som samla sett kunne svekkje Russlands eiga kjernefysiske avskrekkingsevne. På russisk side hadde ein òg ei anna vurdering av trusselbiletet. I lys av dei sterke russiske motførestillingane og konsekvensane som kunne ramme samarbeidet med Russland, la Noreg difor stor vekt på å engasjere Russland i ein tettast mogeleg dialog med NATO. Noreg oppmuntra til jamleg kontakt mellom USA og Russland i dette spørsmålet.

7.2 Rustingskontroll og nedrusting

Konkrete tiltak til rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing har i lang tid vore sentrale mål for NATO og viktige for den overordna alliansetryggleiken. NATO-landa har lagt ned eit stort arbeid for å fremje desse måla både i det euroatlantiske området og globalt. I praksis har likevel mykje av arbeidet gått føre seg nasjonalt og i andre forum, mellom anna FN og OSSE. NATO har heller ikkje vore effektive når det gjeld å informere publikum om kva alliansen faktisk utrettar på desse områda.

Mot denne bakgrunnen tok Noreg og Tyskland i 2007 initiativ for å styrkje NATO-engasjementet innan rustingskontroll og nedrusting. Dette initiativet blei først møtt med ein viss skepsis frå fleire land som meinte at NATO ikkje hadde meir å tilby på dette feltet, men etter aktivt norsk og tysk arbeid fekk det etter kvart breiare oppslutnad. På utanriksministermøtet i NATO i Brussel 7. desember 2007 var det såleis semje om å gje alliansen ein høgare profil i desse spørsmåla, mellom anna ved å identifisere område der innsatsen kan aukast. I samband med dette var det semje om å sjå på mogelege tiltak både med omsyn til konvensjonelle våpen, kjernefysiske våpen og andre masseødeleggingsvåpen. Vidare blei rustingskontroll, nedrusting og ikkjespriing understreka som viktige tema i samarbeidet med partnerlanda, saman med støtte til arbeid som andre internasjonale organisasjonar gjer. Arbeidet med å konkretisere

avgjerda til utanriksministrane blei følgd opp i samband med toppmøtet i Bucuresti 2.–4. april 2008 og skal òg følgjast opp på lengre sikt.

Regjeringa ser på semja om å setje desse spørsmåla høgare på NATO-dagsordenen, mellom anna pålegget om å setje i gang arbeid med å definere konkrete tiltak, som eit viktig gjennombrøt på eit høgt prioritert område. Noreg tek sikte på å spele ei leiande rolle også i den vidare oppfølginga av dette arbeidet.

7.2.1 CFE-avtalen

President Putin varsla i april 2007 at Russland akta å innføre eit einssidig moratorium på russisk etterleving av avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen). Bakgrunnen var sterk russisk misnøye med at NATO-landa ikkje ratifiserte den reviderte CFE-avtalen som på OSSE-toppmøtet i Istanbul i 1999 erstatta den opphavlege CFE-avtalen. Den reviderte avtalen var tilpassa den tryggingsspolitiske situasjonen etter den kalde krigen, men etter Istanbul-møtet har det vore usemje mellom NATO-landa og Russland om vilkåra for iverksetjing av avtalen. Det siste året har NATO-landa utarbeidd nye forslag til løysingar slik at avtalen kan tre i kraft, men Russland har ikkje akseptert forslaga.

Dei allierte har møtt den russiske misnøya over manglande ratifikasjon med å minne om at Russland på Istanbul-møtet gav lovnader om å trekkje tilbake militære styrkar og materiell frå Georgia og Moldova som ikkje er fullt ut innfridde. Så snart det er gjort, kan ratifikasjonsprosessen gå sin gang.

Etter at president Putin hadde åtvare om suspensjon av avtalen, la NATO-landa fram fleire forslag til korleis problema kunne løysast, men det var heile tida manglande russisk vilje til å vurdere forslaga. I staden suspenderte Russland 12. desember 2007 einssidig sine plikter etter CFE-avtalen.

Regjeringa seier seg svært lei for dette. Avtalen er ein svært vellukka konvensjonell nedrustings- og rustingskontrollavtale som har vore medverkande til vesentleg reduksjon av rustingsnivået innanfor sitt dekningsområde. Sidan avtalen tredde i kraft i 1992, er meir enn 60 000 stridsvogner, pansra kampvogner, artillerieiningar, angrepshelikopter og kampfly fjerna frå europeisk territorium gjennom verifisert destruksjon. Avtalen fastset òg geografisk definerte styrkeavgrensingar og har omfattande informasjons- og verifikasjonsføresetnader. For å unngå ei ytterlegare svekking av avtalen vedtok difor dei allierte å oppfylle han for sin eigen del inntil vidare, og å vidareføre dialogen

med Russland. Vidareføringa av denne linja blei stadfest på toppmøtet i Bucuresti.

For Noreg er ikkje minst dei særlege materiellavgrensingane i flankane, og spesielt i nordområda, av stor verdi. Regjeringa legg difor stor vekt på å vidareføre dialogen med Russland med sikte på å komme fram til ei løysing på dei uteståande problema og dermed bevare CFE-regimet som ein tryggingsspolitisk berebjelke i Europa.

7.3 Energitrygging

Stats- og regjeringssjefane vedtok på toppmøtet i Riga i 2006 å setje i gang eit arbeid med å vurdere kva rolle alliansen kunne spele innan sikring av kritisk energiinfrastruktur. Vedtaket blei gjort ut frå den erkjenninga at stans i tilgangen på vitale energiresursar kan verke inn på allierte tryggingssinteresser. Det blei lagt til grunn som ein føresetnad for ei slik rolle at NATO må tilby meirverdi, og at NATO-rolla må koordinerast med nasjonal og annan internasjonal innsats.

Oppfølginga av denne avgjerda i 2007 avdekte visse motsetnader blant allierte med omsyn til ambisjonsnivået. Desse motsetnadene gjaldt primært i kva grad det er aktuelt for NATO å ta stilling til meir politiske konflikter knytte til energiforsyning, og kor vidt NATO skal ta på seg å verne om kritisk infrastruktur også utanfor alliert land- og sjøterritorium. Ei anna konfliktlinje kom for dagen i synet på Russland – nokre allierte viste til det dei oppfatta som politisk bruk av energileveransar frå Russland, og brukte det som argument for ei sterkare NATO-rolle på dette området.

Som einaste større energieksporterande medlemsland i NATO heldt Noreg ein høg profil i diskusjonen. Frå norsk side blei det argumentert for ei praktisk rolle for alliansen i vernet av kritisk infrastruktur, men òg for ei mogleg støtterolle i annan innsats. Eit vesentleg poeng var å finne ei rolle for NATO i partnarsamanheng, med spesiell vekt på korleis berøringspunktene med Russland kunne utnyttast innanfor rammene av NRC. Endelig blei det frå norsk side lagt stor vekt på at NATO ikkje måtte duplisere andre organisasjonar som har eit hovudansvar på dette området. IAEA peikar seg særleg ut i den samanhengen.

7.4 Vern mot dataangrep

Arbeidet med vern mot dataangrep («cyber defence») i NATO skaut fart i 2007 i kjølvatnet av

angrepet på Estland same våren. Det var semje i alliansen om at dataangrep, anten som enkeltstående og isolerte hendingar eller i kombinasjon med eit væpna angrep, kunne utgjere ei fundamental tryggingsutfordring. Oppfølginga av vedtaket frå toppmøtet i Riga om å forbetre vernet av infor-

masjonssystem av kritisk verdi for alliansen blei diskutert vidare på forsvarsministermøtet 14.–15. juni 2007. I desember 2007 var det alliert semje om premissane for ei tilnærming som opnar for koordinerte tiltak ved dataangrep, og denne skal vidareutviklast fram mot toppmøtet i Bucuresti.

8 Den sivile dimensjonen

8.1 NATO-innsats i humanitære kriser

NATO-innsatsen i dei humanitære kriseoperasjonane etter orkanen Katrina i USA i september 2005 og jordskjelvkatastrofen i Pakistan fram til februar 2006 opna for ein diskusjon i alliansen om kva rolle NATO skulle spele i humanitære kriser. Somme allierte stilte seg skeptisk til ei slik rolle med den grunngeving at NATO er ein militær organisasjon som berre skal ta på seg reint militære oppgåver. Eit stort fleirtal av allierte meinte derimot at NATO måtte kunne stille ressursar til rådvelde dersom alliansen på denne måte kunne støtte opp om humanitær innsats og redusere lidingane ved katastrofar av større omfang.

Noreg hadde ei positiv innstilling til ei slik støtterolle basert på den premissen at NATO må tilby meirverdi og ikkje utvikle eigne kapasitetar på det humanitære området. Det er etter norsk syn viktig å unngå duplisering av den innsatsen FN og andre sivile aktørar anten gjer eller kan gjere billegare. Frå norsk side blei det vidare lagt vekt på at innsatsen må baserast på ei oppmoding frå landet som er råka, vere i tråd med etablerte retningslinjer, må koordinerast av FN og må sjåast i samanheng med innsats frå andre organisasjonar, også humanitære.

8.2 Sivil beredskap

Sivil beredskapsplanlegging og sivil krisehandtering er primært eit nasjonalt ansvar, men framveksten av internasjonale terrornettverk og truslar om bruk av masseødeleggingsvåpen stiller særlege krav som nasjonale ressursar åleine ikkje alltid kan oppfylle. Hovudformålet med den sivile beredskapsplanlegginga i NATO er å samordne og oppnå ein mest mogeleg effektiv bruk av nasjonale sivile ressursar for å støtte opp om dei strategiske allianseoppgåvene og å verne sivilbefolkninga og infrastrukturen i tilfelle naturkatastrofar, krig eller terroranslag. Det sivile beredskapsmiljøet i NATO er aktivt med når alliansen yter bidrag etter humanitære katastrofar, som etter jordskjelvkatastrofen i Pakistan i 2006.

Sivil beredskap har òg ein vesentleg partnardiensjon som det største ikkje-militære programmet innanfor EAPC. Det omfattar mellom anna katastrofeberedskap, retningslinjer for bruk av sivile ressursar ved militær krisehandtering og humanitær bistand etter katastrofar.

I tråd med ønsket vårt om å styrkje det praktiske samarbeidet med partnarane var Noreg difor i 2007 ein pådrivar i arbeidet med å fullføre felles retningslinjer for å styrkje EAPC-landa i evna til å handtere kjemiske, biologiske, radioaktive og kjernefysiske angrep ogulukker.

Frå norsk side var ein òg oppteken av å utvikle samarbeidet om sivil beredskapsplanlegging innanfor ramma av NATO–Russland-rådet. Noreg vil såleis vere vertsnasjon for ei felles sivil krisehandteringsøving i 2009. Det er nedsett ei gruppe i NATO som forutan Noreg består av Tyskland, USA, Italia, Ungarn og Russland, og som har teke på seg ansvaret for å planleggje fellesøvinga.

8.3 Kvinner, fred og tryggleik

Noreg og nokre andre allierte tok i 2007 til orde for ei aktiv oppfølging frå NATO-hald av UNSCR 1325 om kvinner, fred og tryggleik. På dette grunnlaget fekk dei militære NATO-styresmaktene i oppdrag å utforme konkrete forslag til korleis kjønnspektivet kunne inkluderast i det militære arbeidet, med særleg fokus på alle fasar i NATO-leidde operasjonar. Arbeidet byggjer på ei erkjenning av at ei samla tilnærming til stabilitet og gjenreising også må omfatte kjønnspektivet.

8.4 Menneskehandel

NATO-politikken mot menneskehandel blei vedteken på toppmøtet i Istanbul i 2004 etter eit felles norsk-amerikansk initiativ. Det inneber at alliansen aktivt skal vere på vakt mot og reagere på menneskehandel i samband med sine operasjonar. Partnarane i EAPC har slutta seg til initiativet, slik at 49 land i det euroatlantiske området stiller seg bak målsetjinga om nulltoleranse for menneske-

handel i samband med NATO-leidde operasjonar. I 2007 blei det utpeika ein eigen koordinator med ansvar for å følgje opp NATO-politikken på området.

9 Militær omforming

Arbeidet med den omfattande militære omforminga av NATO blei vidareført i 2007. Målet er å setje alliansen betre i stand til å møte dei tryggingspolitiske utfordringane i dag og i framtida. Omforminga er ein kontinuerleg prosess der erfaringar frå pågåande operasjonar er ei viktig referanseramme og drivkraft saman med impulsar frå andre internasjonale aktørar.

Sentralt i arbeidet står oppfølginga av vedtaket frå toppmøtet i Istanbul i 2004 om å utvikle nye politiske retningslinjer for militær omforming og kapasitetsutvikling i NATO. Desse retningslinjene skal støtte opp om det strategiske konseptet for alliansen, med det hovudmålet å leggje til rette for betre intern koordinering av det militære planleggingsarbeidet. På toppmøtet i Riga blei dokumentet godkjent av stats- og regjeringssjefane og gjort offentleg tilgjengeleg. Arbeidet innanfor dei ulike planleggingsdisiplinane blir no evaluert kvart år på grunnlag av dei politiske føringane i dette dokumentet.

Hurtigreaksjonsstyrken («NATO Response Force» – NRF) er eit sentralt element i omformingsprosessen. Dei strenge krava til trening og samøving av styrkar som deltek i NRF, gjev NATO ein reaksjonskapasitet med svært høg beredskap. Konseptet for styrken blei ytterlegare utvikla i løpet av 2007. I lys av dei store ressursbelastningane operasjonane i Afghanistan og Kosovo medfører for dei allierte, blei det hausten 2007 vedteke at ambisjonsnivået for storleiken på den ståande delen av NRF mellomtids skulle nedjusterast. Noreg har delteke i alle NRF-kontingentane i 2007, kvar på seks månader.

Eit interessant aspekt ved arbeidet er at Sverige og Finland vurderer å delta i NRF. Verdien av NRF som militært transformasjonsverktøy er for desse landa ein viktig faktor i vurderinga. Regjeringa ville sjå eit slikt svensk-finsk vedtak som svært positivt. Det vil auke tilgangen på godt trena og utstyrte styrkar til NATO-operasjonar. Det illustrerer òg

korleis partnarane gradvis blir tettare integrerte i NATO-samarbeidet.

Arbeidet med å bøte på kapasitetsmanglar i NATO innanfor initiativet «Prague Capabilities Commitment» (PCC) blei vidareført i 2007. Eitt av dei viktigaste enkelttiltaka innanfor dette initiativet er eit fellesprosjekt for luftboren bakkeovervaking som etter planen skal vere operativt i 2010. Noreg deltek aktivt i prosjektet. I lys av den store militære verdien av dette initiativet er det uheldig at prosjektet er prega av svak framdrift. Tre av dei deltakande nasjonane trekte seg difor ut av samarbeidet i 2007.

Initiativet om fellesinnkjøp av tre C-17 transportfly, med opsjon på eit fjerde, blei vidareført i 2007. 15 NATO-allierte og partnarlandet Sverige signerte innleiingsvis ein intensjonsavtale som Finland i ettertid har slutta seg til. Danmark har derimot trekt seg ut av samarbeidet. Flya skal tene til å støtte behovet for strategisk lufttransport i NATO, men skal òg kunne brukast av dei deltakande nasjonane, FN og EU i samband med mellom anna humanitære operasjonar. Målet er at det første flyet skal vere operativt i siste halvdel av 2008 og dei to andre i 2009.

Som eit ledd i omformingsprosessen arbeider NATO òg med ei tilpassing av kommandostrukturen for å sikre mest mogeleg effektiv drift av operasjonane i alliansen. I 2007 blei det oppnådd semje om talet på hovudkvarter og plasseringa deira i kommandostrukturen, mens det framleis står att å komme til semje om personelloppsettet.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 23. mai 2007, om samarbeidet i NATO i 2007 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Sluttkommuniké, Brussel 14. juni 2007**

Møte i Nordatlantisk råd ved forsvarsministrane

1. Forsvarsministrane i Nordatlantisk råd var samla 14. og 15. juni 2007 for å drøfte operasjonar og oppdrag som NATO er engasjert i og forsvarspolitiske sider ved omdanningsprosessen og alliansepartnarskapane.
- Operasjonar*
2. Vi rosar alle mennene og kvinnene som deltek i NATO-leidde operasjonar, og uttrykkjer vår medkjensle med familiane og dei kjære til dei som har døydd eller er komne til skade i tenesta. Vi takkar partnerane våre og andre nasjonar utanfor NATO for den verdifulle medverkanden deira i allianseoperasjonane.
 3. Slik stats- og regjeringssjefane våre stadfeste i Riga, har det å medverke til fred og stabilitet i Afghanistan førsteprioritet i NATO. Vi er framleis forplikta til å støtte etableringa av eit stabilt, demokratisk og framgangsrikt samfunn fritt for terrorisme, narkotika og frykt, som tek hand om eigen tryggleik og lever i fred med nabolanda. Vi ser positivt på at den NATO-leidde internasjonale tryggingstyrken (ISAF), som arbeider under FN-mandat og samordnar innsatsen sin med andre internasjonale aktørar, har lukkast i å støtte dei afghanske styresmaktene i arbeidet med å ta på seg ansvaret for tryggleik, stabilitet og gjenreising i heile Afghanistan. Dei siste tolv månadene har ISAF utvida operasjonane sine over heile Afghanistan. Bemanninga er auka frå 10 000 til 40 000, og talet på regionale gjenreisingslag (PRT) har gått opp frå 9 til 25 og kan bli ytterlegare auka. Vi stadfester den sterke solidariteten i den allierte innsatsen og forpliktar oss til å sikre at ISAF har nok styrkar og ressursar og er fleksibel nok til å sikre eit vellukka oppdrag også heretter. Vi erkjenner at effektivt, moderne og førebyggjande informasjonsarbeid – kopla med betre samordning og informasjonsflyt mellom den afghanske regjeringa, ISAF og NATO-hovudkvarteret – er nødvendig for å kommunisere tydeleg og effektivt kva vi har til mål og kva vi har utretta.
 4. For å lukkast på lang sikt i Afghanistan må dei nasjonale afghanske tryggingstyrkane forsterkast og dyktiggjerast. Vi er bestemte på å gjere ISAF vesentleg betre skikka til å rettleie og støtte den afghanske nasjonalhæren og setje dei nasjonale afghanske tryggingstyrkane i stand til å ta leiinga i arbeidet med å sikre tryggleiken i heile landet. Vidare støtte frå oss til opplærings- og utrustingstiltak for den afghanske nasjonalhæren, mellom anna gjennom operative rettleiings- og kontaktgrupper, blir avgjerande for å nå desse måla. I samband med dette ser vi positivt på at allianseland har lova nye operative rettleiings- og kontaktgrupper, og oppmuntrar til ytterlegare bidrag i framtida. Vi ser òg positivt på framgangen i gjennomføringa av føresegnene i samarbeidsprogrammet mellom NATO og Afghanistan. Allianselanda yter stadig nasjonale bidrag til opplæring og utrusting av det nasjonale afghanske politiet. Per i dag er rundt 40 000 medlemmer av den afghanske nasjonalhæren og over 60 000 medlemmer av det afghanske nasjonale politiet opplærte, utrusta og sette i teneste. Vi gler oss over at EU har vedteke å sende ein politistyrke med utgangspunkt i den europeiske trygging- og forsvarspolitikken (ESDP).
 5. NATO og partnerar frå det internasjonale samfunnet samarbeider òg om å gjennomføre ei samla tilnærming i Afghanistan for å effektivisere den innsatsen vi driv i fellesskap med sikte på å skape ei gjensidig forsterkande kopling mellom tryggleik og utvikling. FN har fått eit vidare mandat i den siste tryggingrådsresolusjonen, og vi støttar FN-operasjonen i Afghanistan, UNAMA, i arbeidet med å oppnå størst mogeleg gjennomslag og utvida nærvær i provinsane.
 6. Vi gler oss over at det er oppnådd tettare samarbeid og samordning mellom NATO/ISAF, Afghanistan og Pakistan, mellom anna gjennom trepartskommisjonen med underliggjande organ; alt dette har vist seg verdifullt. Vi opp-

- muntrar Afghanistan og Pakistan til å samtale og samarbeide ytterlegare i spørsmål av felles interesse, og ser positivt på toppmøta i Washington og Ankara og på det ferske utspelet frå forsvarsministrane i G8 i denne samanhengen. Vi oppmodar dessutan alle andre naboland til Afghanistan til å støtte den afghanske regjeringa i arbeidet med å bygge eit stabilt og demokratisk land.
7. Vi oppmodar regjeringa i Afghanistan til å halde fram med å setje den nasjonale strategien for narkotikakontroll ut i livet over heile landet, med støtte frå alle internasjonale partnarar. I heile regionen, men særleg i det sørlege Afghanistan, er det nær samheng mellom terrorisme, narkotikaindustri og organisert kriminalitet. NATO er forplikta, i nært samarbeid med verdssamfunnet og i samsvar med ISAF-mandatet, til framleis å spele si avtala rolle fullt ut for å støtte regjeringa i kampen mot narkotika ved å gjennomføre dei mottiltaka som er fastsette i operasjonsplanen.
 8. Vi fordømmer sterkt den praksisen opprørarane driv når dei med overlegg set sivilbefolkninga i fare, og likeins den forakta for menneskelev som sjølvmoordsbombing og bruk av improviserte sprenglekamar viser. NATO er forplikta til å sikre at alle tiltak blir sette i verk for å hindre sivile tap.
 9. Euroatlantisk integrasjon er nøkkelen til langsiktig stabilitet på Vest-Balkan. Varig fred og stabilitet i Kosovo og i regionen er no som før av avgjerande verdi for alliansen. NATO vil ikkje tolerere truslar av noko slag mot eit trygt og sikkert Kosovo og kjem til å reagere fort og resolutt på alle provokasjonar. Vi støttar framleis forslaget frå president Ahtisaari til ei samla løysing på statusspørsmålet i Kosovo. Vidare går vi inn for at tryggingrådet i FN i god tid må vedta ein tilsvarende resolusjon som støttar føresegnene i forslaget og tek til orde for at det blir gjennomført heilt og fullt. Vi meiner at dette forslaget banar veg for varig økonomisk og politisk utvikling i Kosovo og for større stabilitet og tryggleik i heile regionen. KFOR vil halde fram med å medverke til trygge tilstandar i Kosovo. Vi ber alle aktørar om å opptre moderat og ansvarleg. Vi understrekar det ansvaret styresmaktene i Kosovo har for å gjennomføre standardar; som stats- og regjeringssjefane våre gav uttrykk for i Riga-erklæringa, gjeld dette særleg ansvaret for å sikre rettane til minoritetar og lokalsamfunn, å verne om historiske og religiøse stader og å kjempe mot kriminalitet og korrupsjon.
 10. NATO vil førebu seg vidare på å fylle den rolla organisasjonen får i arbeidet med å innfri mandatet i ein kommande resolusjon frå tryggingrådet i FN om endeleg status, både i overgangs- og gjennomføringsfasen. Vi ser positivt på den påtenkte utplasseringa av ein ESDP-styrke i Kosovo. Vi ser òg positivt på det nære samarbeidet og understrekar målfellesskapen mellom EU og NATO i strevet etter å medverke til opprettinga av eit demokratisk, multietnisk, fredsleg og stabilt samfunn i Kosovo.
 11. Vi fordømmer terrorismen på det sterkaste, utan omsyn til motiv og metodar, og skal saman kjempe mot han så lenge det er nødvendig, i tråd med folkeretten og FN-prinsippa. Operasjon Active Endeavour, den maritime NATO-operasjonen i Middelhavet, er framleis eit verdifullt tilskot til kampen mot terrorisme, og vi gler oss over støtta frå partnarland, som har gjort operasjonen endå meir effektiv.
 12. I samsvar med tryggingrådsresolusjon 1546 held alliansen gjennom oppdraget i Irak fram med å støtte dei irakiske tryggingstyrkane med opplæring både i og utanfor landet og i form av utstyrsdonasjonar, i begge tilfelle også gjennom økonomiske bidrag til fond. Etter oppmoding frå den irakiske regjeringa har vi sagt oss villige til å gje opplæring i gendarmeri-prega arbeid. I mellomtida held styrken fram med å omstille seg til ei rettleiarrolle etter kvart som dei irakiske tryggingstyrkane får større kapasitet.
 13. Vi er djupt uroa over at kamphandlingane og ugierningane held fram i Darfur, og ber alle partar respektere våpenkvila og styrkje innsatsen for fred gjennom dialog. NATO støttar framleis oppdraget til Den afrikanske unionen i Sudan, slik det er bede om, og er villig til å utvide denne støtta etter konsultasjonar med og tilslutning frå Den afrikanske unionen. Vi ser positivt på at regjeringa i Sudan har vedteke å godta at ein kombinert FN/AU-styrke blir utplassert i Darfur. I all sin innsats forpliktar alliansen seg til vedvarande samordning med alle involverte aktørar, også når det gjeld eventuell støtte til dette oppdraget i form av lufttransport og opplæring. Vi har nyleg i prinsippet sagt ja til å etterkomme oppmodingar frå AU om lufttransportstøtte til AU-oppdraget i Somalia i ein innleiande periode.
 14. Som erfaringane i Afghanistan og på Balkan har vist, krev utfordringane i dag ei samla tilnærming frå det internasjonale samfunnet si side med eit breitt spekter av sivile og militære verkemiddel, samtidig som mandata og vedtak-

sautonomien til alle aktører må respekterast fullt ut. I tråd med dei pålegga stats- og regjeringssefane våre gav på toppmøtet i Riga, er det sett i gang arbeid med å utvikle pragmatiske forslag til meir stringent bruk av NATOs egne krisehandteringsmekanismer og betre praktisk samarbeid på alle nivå med partnarar, FN og andre relevante internasjonale organisasjonar, ikkje-statlege organisasjonar og lokale aktører i planlegginga og gjennomføringa av pågåande og framtidige operasjonar slik situasjonen tilseier. I desse forslaga skal det takast omsyn til ny lærdom, og det skal vurderast fleksible alternativ for justering av dei militære og politiske planleggingsprosedyrane i NATO med sikte på å styrkje den politisk-militære samhandlinga. Desse forslaga bør fullførast og gjennomførast som ei prioritert sak. Vi vil ta for oss gjennomføringa av dette arbeidet på det uformelle møtet vi skal ha til hausten.

15. Det blir stadig viktigare å kommunisere kva vi vil, og kva vi har utretta, særleg i samband med NATO-operasjonar. Vi pålegg det permanente rådet å forbetre det offentlege diplomatiet vårt ytterlegare for å sikre at vi framleis kan ta imot desse utfordringane. Vi ventar ein førebels rapport om dette arbeidet før møtet til hausten.

Omdanning

16. Omdanninga av styrkane våre har framgang på mange viktige område. Vi er framleis forplikta til full gjennomføring av den samla politiske rettleiinga og styringsmekanismen som ho inneheld, som vil hjelpe oss å sikre at alliansen kan utføre alle sine oppdrag.

17. Dette er å seie om omdanningsarbeidet i NATO:

- Vi var samde om å intensivere innsatsen for å styrkje gjennomføringa av det avtala konseptet for reaksjonsstyrken (NRF), og om at det er viktig å sikre vedvarande nasjonale bidrag for at NRF skal ha full operativ kapasitet og evne til å verke som katalysator for omdanninga av styrkane våre.
- Vi har skapt rom for at partnarane kan engasjere seg i NRF.
- Det er gjort gledeleg framgang i arbeidet med å nå måla som blei sette på toppmøtet i Istanbul om å gjere styrkane våre meir innsatsklare. I forsvarsplanane vil vi framleis leggje vekt på førtiprosent- og åtteprosent-måla for deployeringsevne og fullføringsevne hos bakkestyrkane våre.

- Mykje er oppnådd gjennom kapasitetstilsegna frå Praha når det gjeld å rette på konkrete manglar i styrkane våre. Vi er framleis forplikta til å få i stand ytterlegare forbetringar.

- Konkret er det teke ei rekkje initiativ for å styrkje den strategiske lufttransporten. Av desse kan vi nemne interimløysinga for strategisk lufttransport, initiativet frå eit fleirnasjonalt konsortium om å skaffe og samordne C-17-fly og leveringa av A-400M-fly som etter planen skal ta til i 2009. Støttejamming og drivstoffylling i lufta står derimot att som alvorlege problem som må løysast.

- Vi stadfester som viktig at alliansen snarast må få levert eit bakkeovervakingssystem til støtte for alliansestyrkane.

- Det får framover i arbeidet med å utvikle ei nettverksbasert evne til å dele informasjon, data og etterretning på ein påliteleg og sikker måte utan å seinke alliansoperasjonane.

- Praha-initiativa til forsvar mot kjemiske, bakteriologiske, radiologiske og kjernefysiske stridsmiddel (CBRN) har gitt verdifulle resultat, mellom anna den fleirnasjonale bataljonen til forsvar mot CBRN og ein mellombels kapasitet til sjukdomsovervaking.

- Vi er forplikta til å sikre at den militære kommandostrukturen er effektiv, rasjonell og tilpassa formålet.

- Det går framover i arbeidet med å effektivisere spesialstyrkane våre takka vere initiativet som blei lansert i Riga.

- På bakgrunn av at den elektroniske infrastrukturen til eit allianseland nyleg blei utsett for dataangrep, hastar det med å styrkje evna til å stå imot slike angrep mot informasjonssystem som er livsviktige for alliansen.

- Vi ser positivt på den innleiande reforma ved NATO-hovudkvarteret, mellom anna opprettinga av eit ressurskontor, og ber det permanente rådet følgje opp omorganiseringa ved NATO-hovudkvarteret for å gjere det meir effektivt og rasjonelt.

18. Den vidare omdanninga av styrkane og arbeidsmåtene våre vil vere med og realisere visjonen som er skissert i den samla politiske rettleiinga. Med sikte på nærmare vurdering under haustmøtet vårt ber det permanente rådet peike ut for oss dei sidene ved forsvarsomdanninga som bør vektleggjast spesielt på toppmøtet i Bucuresti neste år.

19. Vi vil framleis rådføre oss med kvarandre i spørsmålet om energitryggleik for å medverke til å definere område der NATO kan skape meirverdi, slik det er skissert i Riga-erklæringa.
20. Der det er rom for det, og innanfor dei fastsette rammene, forpliktar vi oss til å konkretisere samarbeidet mellom NATO og EU når det gjeld kapasitetsbehov som dei to organisasjonane har felles; det er sett fram ei rekkje forslag med sikte på dette.
21. Vi tok føre oss den pågåande utgreiinga av kva politiske og militære implikasjonar eit missilforsvar kan få for alliansen, eit arbeid som mellom anna omfattar ei slik oppdatering rundt tendensar i missiltrusselbiletet som stats- og regjeringssjefane våre bad om i Riga, og gav pålegg om at ein i dette arbeidet i god tid må evaluere kva dei missilforsvarelementa USA planlegg i Europa, får å seie for NATO. Vi stadfester at vi gjerne rådfører oss med Den russiske føderasjonen innanfor NATO–Russland-rådet for å sikre innsyn og sonderne utsiktene for samarbeid i vidare missilforsvarsspørsmål samtidig som vi arbeider vidare med interoperabilitet innan missilforsvar i operasjonsområde.

Partnerskap

22. Partnerskapen NATO–Russland er framleis eit strategisk element i arbeidet for å fremje tryggleiken i det euroatlantiske området. Vi oppmodar Russland om å samarbeide konstruktivt med oss for å styrkje partnerskapen og dra full nytte av han. NATO–Russland-rådet har ei viktig rolle når det gjeld å fremje praktisk samarbeid i spørsmål der det rår semje, og å skape gjensidig forståing der det ikkje er slik. Vi ser positivt på at Russland nyleg har ratifisert styrkestatusavtalen for PFP, og ser fram til den endelege godkjenninga, som vil medføre at Russland og allianselanda får vesentleg større rom for å søkje konkrete former for forsvarssamarbeid, til dømes felles militær opplæring og øvingar og utvikling av interoperabilitet mellom dei væpna styrkane våre. Vi set pris på dei russiske bidraga til operasjon Active Endeavour og på samarbeidet om opplæring av afghansk og sentralasiatisk personell i tiltak mot narkotika. Vi ser fram til markeringane seinare denne månaden i samband med tiårsjubileet for underteikninga av grunnakta og femårsjubileet for NATO–Russland-rådet.
23. Vi legg framleis stor vekt på den spesielle partnerskapen mellom NATO og Ukraina, som har tiårsjubileum i år. Vi ser positivt på den framgangen Ukraina har hatt siste året i gjennomføringa av forsvarsreformer, mellom anna tiltak som forsvarsministeriet har sett i verk for å betre interoperabiliteten mellom allierte og ukrainske einingar. Vi set òg pris på dei bidraga Ukraina framleis yter til den felles tryggleiken vår, mellom anna gjennom deltaking i og støtte til NATO-leidde operasjonar, og gler oss over at landet nyleg har sendt bidrag til ISAF og Active Endeavour. Vi oppmuntrar Ukraina til å halde fram med reformer med sikte på å omorganisere heile tryggingssektoren i landet. Vi stadfester at vi er bestemte på å dra full nytte av den intensiverte dialogen og av NATO–Ukraina-kommisjonen for å styrkje den praktiske bistanden vi yter til Ukraina.
24. Vi støttar Georgia i arbeidet med å realisere dei euroatlantiske måla landet har sett seg, men forskotterer ikkje eit framtidig alliansevedtak. Vi oppmuntrar Georgia til å gjennomføre dei vidfemnande reformplanane sine fullt ut, mellom anna å fullføre den strategiske forsvarsgjennomgangen, og ser fram til å vidareføre bruken av den intensiverte dialogen og den individuelle partnerskapsplanen for å støtte opp om desse initiativa. Vi ber innstendig om at Georgia framleis må engasjere seg for å finne fredelege løysingar på uavklarte konflikter på georgisk territorium.
25. På Vest-Balkan er euroatlantisk integrasjon eit mål som krev samarbeid i regionen, gode nabo-tilhøve og arbeid for gjensidig akseptable løysingar på uavklarte spørsmål. På toppmøtet i Bucuresti aktar alliansen å invitere fleire land som oppfyller dei resultatbaserte NATO-standardane, deler verdiane våre og evnar å medverke til euroatlantisk tryggleik og stabilitet. Vi ser positivt på reformarbeidet i Albania, Kroatia og den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia¹ og på bidraget desse landa har ytt til NATO-leidde operasjonar, og oppmuntrar dei til å gjere ytterlegare framsteg slik det er skissert i den siste MAP-evalueringa vår. Alliansen vil følgje nøye og intenst med på framgangen i desse landa. Vi er nøgde med at Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia har slutta seg til Partnerskap for fred. Likevel er det viktig at heile spekteret av PFP-verktøy blir utnytta til støtte for reformarbeidet i desse landa, som allianselanda vil støtte sterkt opp om. Vi ser positivt på at det er danna ei ny regjering i Beograd, og ventar oss at ho vil konsolidere demokratiske

¹ Tyrkia godtek Republikken Makedonia under det konstitusjonelle namnet.

- verdiar og arbeide for å føre Serbia nærmare dei euroatlantiske strukturane. Vi vil òg følgje nøye med på kva som blir gjort for å få i stand fullt samarbeid med ICTY, særleg i Serbia og Bosnia-Hercegovina.
26. Partnerskap, dialog og samarbeid utgjer ein politikk som er grunnleggjande for formålet og oppgåvene til NATO. Relasjonane med landa i EAPC, Middelhavdialogen og samarbeidsinitiativet frå Istanbul som denne politikken har tent til å fremje, utviklar seg i samsvar med vedtaka frå toppmøtet i Riga. Vi ser positivt på framgangen som er oppnådd i den innleiande fasen av NATO-initiativet til opplæringsamarbeid og på framlegget om å etablere eit fakultet ved NATO-høgskulen i Roma med sikte på å støtte dei behova nasjonane i Middelhavsdialogane og Istanbul-initiativet har uttrykt, og som enno ikkje er ferdig analyserte. Vi følgjer med på framgangen. Vidare forpliktar vi oss til å gjere relasjonane våre med interesserte kontaktland meir relevante i operativ samanheng, særleg
- for å bli betre i stand til å samarbeide i NATO-leidde operasjonar.
27. Vi stadfester at alliansen er forplikta av CFE-regimet, slik stats- og regjeringssjefane våre gav uttrykk for på Riga-toppmøtet. Når det gjeld den ekstraordinære CFE-konferansen som går føre seg i Wien etter ønske frå Den russiske føderasjonen, vurderer delegasjonane våre dei tryggingsmessige innvendingane Den russiske føderasjonen har reist, og har føreslått ein positiv og konstruktiv veg framover. Vi oppmodar Den russiske føderasjonen sterkt om å engasjere seg i vidare dialog som kan føre til eit positivt konferanseutfall.
28. Alliansen tilpassar seg tryggingsklimaet i det 21. hundreåret gjennom operasjonar, forsvarsomlegging og partnerskapar. Vi er framleis forplikta til å skaffe fram alle kapasitetar som er nødvendige for fellesforsvaret og for å medverke til den innsatsen verdssamfunnet gjer for å fremje tryggleik og stabilitet, på grunnlag av alliansesolidariteten, den udelelege allianse-tryggleiken og dei transatlantiske banda.
-

Vedlegg 2**Erklæring frå formannen, Brussel 14. juni 2007***Møte i NATO–Russland-rådet på forsvarsministernivå*

NATO–Russland-rådet (NRC) møttest 14. juni på forsvarsministernivå for å diskutere det forsvarspolitiske og militære samarbeidet mellom medlemsstatane i NRC og aktuelle internasjonale tryggingsspørsmål.

Ministrane såg positivt på at den russiske føderalforsamlinga nyleg har ratifisert styrkestatusavtalen for PFP, eit viktig steg på vegen mot utvida praktisk militært samarbeid.

Ministrane drøfta eit breitt spekter av føreliggjande samarbeidsinitiativ, mellom anna førebuingane til den andre overføringa av russiske marineressursar til operasjon Active Endeavour, forlenginga av NRC-prosjektet for opplæring av afghansk og sentralasiatisk personell i tiltak mot narkotika og pågåande fagmilitært samarbeid.

Ministrane slutta seg til to dokument: ein framdriftsrapport om gjennomføringa av den politisk-militære rettleiinga om auka interoperabilitet mellom styrkar frå Russland og NATO-land og eit innleiande konsept for ein strategisk visjon som skal tene som rettesnor for det stadig meir praktiske og operative NRC-samarbeidet.

Ministrane diskuterte ei rekkje aktuelle internasjonale tryggingsspørsmål, mellom anna missilforsvar og CFE-avtalen. Ministrane minte om verdien av NRC som eit forum for konstruktiv dialog i spørsmål som det er semje om, og for å skape klarleik og forståing der det er usemje.

Ministrane såg fram til føreståande arrangement i St. Petersburg og Moskva som skal markere tiårsjubileet for NATO–Russland-grunnakta og femårsjubileet for NRC.

Vedlegg 3**Erklæring frå formannen, Brussel 14. juni 2007**

Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen ved forsvarsministrane

NATO–Ukraina-kommisjonen møttest i Brussel på forsvarsministernivå 14. juni for å diskutere reformer i forsvars- og tryggingssektoren i Ukraina og ukrainsk deltaking i NATO-leidde operasjonar. Ministrane minte om sitt sterke engasjement og si sterke støtte til euroatlantiske verdiar og var samde om å samarbeide vidare for å styrkje rettsstatsprinsippa, mellom anna ved å sikre effektiv sivil og demokratisk kontroll med tryggingss- og forsvarsstrukturar og å støtte utviklinga av demokratiske institusjonar. Dei understreka dessutan at dei står fast på å vidareføre tilsegnene sine i samband med NATO–Ukraina-kommisjonen og å fremje denne spesielle partnerskapen, særleg gjennom den intensiverte dialogen om dei ukrainske medlemskapsambisjonane og relevante reformer.

Ministrane merkte seg dessutan med glede at 2007 var tiårsjubileet for den spesielle partnerskapen NATO–Ukraina, og streka under at dei stod fast på å vidareutvikle denne strategisk viktige partnerskapen, mellom anna ved å forsterke innsatsen for å hjelpe Ukraina å gjennomføre offentlege informasjonskampanjar om NATO og rollene til organisasjonen.

Vidare såg ministrane positivt på framgangen Ukraina har hatt i gjennomføringa av reformer med sikte på å setje dei ukrainske væpna styrkane meir på linje med NATO-standardane og å forbetre interoperabiliteten mellom allierte og ukrainske einingar. Dei vurderte òg den innsatsen ukrainske styresmakter gjer for å gjennomføre reformer i den vidare ukrainske tryggingssektoren. I denne samanhengen såg ministrane positivt på vedtakinga av den første ukrainske nasjonale tryggingstrategien og oppmuntra Ukraina til å arbeide vidare med å setje gjennomgangen av den nasjonale tryggingssektoren ut i livet. Ministrane vurderte utsiktene for at ambisjonane om ukrainsk integrasjon i dei euroatlantiske strukturane skulle føre fram, og streka under at det framleis må gjennomførast omfattande reformer, særleg i dei ukrainske etterretnings- og tryggingstenestene, som ein del av den nasjonale gjennomgangen av tryggingssektoren i Ukraina. Ministrane gjentok

dessutan at dei er fast bestemte på å arbeide vidare for å hjelpe Ukraina med å gjennomføre reformer i forsvars- og tryggingssektoren.

Ministrane såg òg positivt på den pågåande gjennomføringa av praktiske initiativ i regi av den felles NATO–Ukraina-arbeidsgruppa for forsvarsreform (JWGDR), mellom anna JWGDR-programmet for fagleg utvikling av sivilt personell i ukrainske tryggingsinstitusjonar, NATO–Ukraina-arbeidsgruppa for sivil og demokratisk kontroll med etterretningssektoren og NATO–Ukraina-partnerskapsnettverket for kompetanseutvikling i det sivile samfunnet. Dei understreka òg den viktige rolla samarbeidet mellom NATO og Ukraina i samband med planleggings- og revisjonsprosessen (PARP) og årsarbeidsplanen for Militærkomiteen med Ukraina framleis spelar. Ministrane stadfeste òg si støtte til innsatsen som blir gjort med sikte på å handtere konsekvensane av reformer i forsvars- og tryggingssektoren. I denne samanhengen såg dei spesielt positivt på den pågåande gjennomføringa av NATO/PFP-fondet for det største destrueringsprosjektet i verda for militært overskotsmaterieell, handvåpen og lette våpen (SALW) og berbare luftforsvarssystem (MANPADS), og på programma for omplassering av dimittert militært personell i Ukraina, mellom anna NATO/PFP-fondet *Khmelnitsky*.

I samband med gjennomgangen av det ukrainske bidraget til fellestryggleiken sette ministrane pris på at Ukraina framleis støttar KFOR, NATO-opplæringsstyrken i Irak og den NATO-leidde ISAF-operasjonen i Afghanistan. Dei såg dessutan positivt på det effektive ukrainske bidraget til operasjon Active Endeavour, mellom anna deployeringa av ein ukrainsk korvett, URS Ternopil, til støtte for antiterrorinnsatsen NATO driv i Middelhavet. Ministrane merkte seg òg med glede at Ukraina var det einaste partnerlandet som var involvert i alle operasjonar og oppdrag som NATO har gåande. Ministrane sette elles pris på at Ukraina framleis er villig til å støtte operativ NATO-innsats med blant anna strategisk lufttransportkapasitet.

Vedlegg 4**Oppsummering ved formannen, Brussel 14. juni 2007**

Møte i Euroatlantisk partnerskapsråd ved forsvarsministrane i Brussel torsdag 14. juni 2007

Forsvarsministrane i medlemslanda i Euroatlantisk partnerskapsråd (EAPC) møttest i Brussel i dag.

Forsvarsministrane i Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia deltok for første gong, i samsvar med vedtaka på Riga-toppmøtet i 2006, og blei varmt mottekne i EAPC-fellesskapen.

Ministrane konsentrerte seg om deltaking og bidrag frå partnerhald i NATO-leidde operasjonar, som klart viser den politiske og operative verdien av partnerskapane med NATO og viljen hos partnerane til å dele på utfordringane ved å ta på seg operative oppgåver.

Ministrane utveksla synspunkt på utviklinga på desse områda der NATO-leidde operasjonar går føre seg, mellom anna på Balkan og i Afghanistan.

Ministrane diskuterte samarbeidet mellom NATO og partnerane som skal hjelpe dei å vareta noverande og framtidige roller i NATO-leidde operasjonar. Dei understreka at dette vellukka og effektive samarbeidet burde halde fram, og at dei eksisterande partnerskapsverktøya måtte brukast

og vidareutviklast i størst mogeleg grad med sikte på det. I denne samanhengen såg ministrane positivt på rammene for partnardeltaking i NATO-reaksjonsstyrken (NRF) som nyleg er avtala.

Ministrane minte om den viktige rolla planleggings- og revisjonsprosessen i PFP og konseptet for operativ kapasitet spelar for å hjelpe partnerar med å utvikle operativ effektivitet og interoperabilitet med allianselanda. Forsvarsministrane i allianselanda og dei deltakande partnerlanda godkjende ministerretteiinga for planleggings- og revisjonsprosessen.

Ministrane uttrykte støtte til operasjon Active Endeavour og såg positivt på at fleire partnerar har vedteke å yte bidrag til operasjonen. Ministrane gjentok at allianselanda og partnerane forpliktar seg til felles handling i kampen mot terrorisme.

Ministrane streka under at det framleis må arbeidast iherdig for å sikre at partnerskapen er fullt ut tilpassa dei krava som følgjer av det nye tryggingsklimaet som avteiknar seg.

Vedlegg 5**Sluttkommuniké, Brussel 15. juni 2007**

*Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe i Brussel
fredag 15. juni 2007*

1. Forsvarsplanleggingskomiteen og Kjernefysisk planleggingsgruppe var samla til ministermøte 15. juni 2007.
2. Som forsvarsplanleggingskomité, med ansvar for det kollektive styrkeplanleggingsystemet i alliansen, vurderte vi resultatene av gjennomgangen av nasjonale forsvarsplanar i 2006 og 2007 i lys av ministerrettleiinga og prioriteringane som er fastsette i den samla politiske rettleiinga. Vi er særleg oppmuntra av den framgangen nasjonane har hatt i arbeidet med å justere forsvarsplanane og omforme styrkane sine for å gjere dei betre skikka til ekspedisjonsarta og vedvarande operasjonar i tråd med rettleiinga og prioriteringane i desse dokumenta. Dette arbeidet viser eit vedvarande engasjement for omdanninga og vil gjere oss endå betre skikka til å møte noverande og framtidige utfordringar. Idet vi ser fram mot toppmøtet i Bucuresti i 2008, stadfester vi at vi er fast bestemte på å bruke planleggingsystemet i NATO til fulle for å løyse desse utfordringane.
3. Vi er òg oppmuntra over at nasjonane kvar for seg tek til følgje dei måla som blei avtala i Istanbul i 2004 og stadfeste i den samla politiske rettleiinga med omsyn til å gjere styrkane meir innsatsklare. Mange nasjonar har alt nådd førti- og åtteprosentmåla for deployeringsevne og fullføringsevne som er fastsette for bakkestyrkar, og dei som ikkje har nådd måla, har planar for korleis dei skal nærme seg dei. Utfordringane som styrkane våre står overfor i dei krevjande operasjonane dei er med på, understrekar det avgjerande i stadig innsats for å auke takta i omdanninga slik at desse styrkane mest mogeleg effektivt kan levere tryggleik og stabilitet både no og i framtida.
4. Vi såg dessutan på i kva grad nasjonane kjem til å nå dei styrkemåla vi saman har avtala, og er oppmuntra over framgangen som alt er oppnådd og som speglar seg i nasjonale planar, men vi merkte oss òg manglar som enno gjer seg gjeldande på ei rekkje viktige kapasitetsområde i tilknytning til deployeringsevna, fullføringsevna og kampeffektiviteten til styrkane våre, mellom anna når det gjeld strategisk lufttransport, effektive felthelikopter og informasjonsovertak. Desse manglane kjem for dagen både i pågåande operasjonar og når vi gjer opp status for kapasitetar meir generelt. Det skortar generelt på deployerbare støttekapasitetar. Det blir arbeidd med å rette på denne skeivfordelinga mellom kampstyrkar og støttekapasitetar i dei nasjonale styrkestrukturane, og på manglar i viktige nettverkskapasitetar, men det hastar i mange tilfelle, særleg med å endre på det urimelege i at nokre få allianseland må skaffe det meste av dei avanserte og mangfaldige kapasitetane som trengst for å ta hand om utfordringane vi står overfor og kjem til å stå overfor i framtida. Auka endringstakt krev streng prioritering for å sikre mest mogeleg effektiv bruk av avgrensa forsvarsressursar. Men framfor alt krev det politisk vilje til å gjere nødvendige forandringar, og at tilstrekkelege økonomiske ressursar blir tilførte. Difor oppmuntrar vi dei nasjonane der forsvarsutgiftene går nedover, til å stanse nedgangen og ta sikte på ein reell auke i forsvarsutgiftene.
5. På møtet vårt i Kjernefysisk planleggingsgruppe gjekk vi gjennom status for atomstridsstyrkane i NATO og arbeidet i høgnivågruppa. Vi stadfeste prinsippa for atomvåpenpolitikken i NATO som går fram av det strategiske konseptet for alliansen. I samband med dette ser vi positivt på det arbeidet høgnivågruppa gjer med å vurdere avskrekkingsskrav for det tjuetførste hundreåret og å gje råd til ministrane etter behov.
6. Vi stadfeste at kjernevåpenstyrkane til allianselanda har eit grunnleggjande politisk formål: å bevare freden og hindre tvang og alle former for krig. Vi minte om at kjernevåpenstyrkane i NATO blir haldne på det minimumsnivået som

er tilstrekkeleg for å bevare fred og stabilitet. I tråd med dette målet legg vi framleis stor vekt på kjernevåpenstyrkane med base i Europa som er disponible for NATO, og som utgjer ei vesentleg politisk og militær tilknytning mellom dei europeiske og nordamerikanske medlemmene av alliansen. Vi var tilfreds med å merkje oss at dei uavhengige britiske kjernevåpenstyrkane framleis medverkar til avskrekking og til den samla tryggleiken i allianselanda, og vi stadfeste verdien av denne kapasiteten og såg positivt på at Storbritannia nyleg i eit regjeringsdokument (White Paper) igjen sa seg forplikta til å yte dette bidraget.

7. Alliansemålsetjinga om å auke tryggleiken på globalt plan vil framleis bli styrkt gjennom vår

støtte til rustingskontroll, ikkjespriing og nedrusting. Vi stadfeste at vi sluttar fullt opp om ikkjespriingsavtalen som hjørnestein i det globale ikkjespriingsarbeidet og eit vesentleg fundament for å drive kjernefysisk nedrusting. Vi streka under det viktige i at alle statar rettar seg etter og styrkjer eksisterande multilaterale ikkjespriings- og eksportkontrollregime og internasjonale avtalar om rustingskontroll og nedrusting. Vi oppmodar igjen alle land til å innfri sine tilsegner på dette området.

8. Vi merkte oss det viktige i tilhøvet mellom NATO og Russland i kjernevåpenspørsmål og ser fram til ytterlegare konsultasjonar og samarbeid i regi av NATO–Russland-rådet.
-

Vedlegg 6**Sluttkommuniké, Brussel 7. desember 2007**

Ministermøte i Nordatlantisk råd i NATO-hovudkvarteret i Brussel

1. Idet NATO nærmar seg sekstiårsjubileet sitt i 2009, er alliansen bestemt på å løyse trygging utfordringane i det 21. hundreåret og samtidig halde på eit sterkt kollektivt forsvar som kjerne-målsetjing. Vi forpliktar oss heilt og fullt til det kollektive forsvaret av befolkningane, territoria og styrkane våre. NATO vernar om fridommen og fellesverdiane våre gjennom sine oppdrag og operasjonar, moderniserer dei militære evnene sine i pakt med nye operative krav og spreier fred og stabilitet gjennom eit stadig vidare nett av tryggingssamarbeidsprogrammar med nasjonar og organisasjonar.
2. Vi stadfeste i dag den varige verdien av dei transatlantiske banda og den udelelege alliansetryggleiken. Vi oppsummerte den pågåande omdanninga av alliansen. Vi drøfta gjennomføringa av dei vedtaka stats- og regjeringssjefane våre gjorde på toppmøtet i Riga i november 2006. Og vi gav ytterlegare pålegg om arbeid som må fullførast før det tilstundande NATO-toppmøtet i Bucuresti i april neste år.
3. Vi rosa òg profesjonaliteten og engasjementet til dei meir enn femti tusen mennene og kvinnene frå allierte og andre land som deltek i NATO-oppdrag og NATO-operasjonar, og uttrykte vår djupe medkjensle med familiane og dei kjære til dei skadde og falne.
4. Å medverke til fred og stabilitet i Afghanistan har høgste prioritet i NATO og er ei langsiktig oppgåve. Vi er bestemte på å sjå til at den NATO-leidde internasjonale tryggingssstyrken (ISAF), som opererer under FN-mandat, har det som skal til av styrkar, ressursar og fleksibilitet til å sikre at oppdraget kan lukkast på lengre sikt, og vi verdset dei bidraga partnarane våre yter til oppdraget. Vi støttar regjeringa i Den islamske republikken Afghanistan i arbeidet med å vise resolutt leiarskap, mellom anna når det gjeld å få provinsane under offentleg styring, styrkje lov og orden, sikre respekt for menneskerettane og få bukt med korrupsjonen. Målet vårt er å støtte dei nasjonale afghanske tryggingssstyrkane etter kvart som dei tek på seg meir av ansvaret for tryggleiken i eige land, og ISAF si rolle kjem til å endre seg i takt med denne prosessen. Vi vil trappe opp innsatsen for å støtte opplæring og utrusting av den afghanske nasjonalhæren og gjere han meir effektiv i operativ samanheng. Vi stadfester òg at vi er forplikta etter samarbeidsprogrammet mellom NATO og Afghanistan til å hjelpe den afghanske regjeringa med å sikre styrkane deira større interoperabilitet og å støtte opp om forsvarsreformer, om institusjonsbygging i forsvaret og om dei militære sidene ved reformer i tryggingssektoren. I tillegg til individuell innsats vil vi på kollektiv basis, i samsvar med ISAF-mandatet, halde fram med å støtte innsatsen mot narkotika som går føre seg under leiding av den afghanske regjeringa.
5. På grunnlag av framgangen som alt er oppnådd, blir det i alliansen arbeidd med å utvikle ein framtidsretta, samla politisk-militær plan for å nå NATO-måla i Afghanistan, som skal leggjast fram for stats- og regjeringssjefane våre for godkjenning når dei møtest i Bucuresti. Planen skal ta omsyn til den framgangen NATO har oppnådd på grunnlag av operasjonsplanen, og han skal optimalisere alliansebidraget til Afghanistan-avtalen (Afghanistan Compact) og fastsetje progresjonsmål for å betre tryggleiken og eventuelt samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar, og med den afghanske regjeringa, for å nå dei strategiske måla vi har sett oss. Målet vårt er framleis eit trygt og stabilt Afghanistan og målfellesskap med den afghanske regjeringa og verdssamfunnet etter som vi nærmar oss viktige milepelar. Vi ber alle partar innstendig om å handle med sikte på å oppfylle krava i Afghanistanavtalen, slik at vi kan bestemme kva vi skal gjere på lengre sikt.
6. Vi står fast på å samarbeide med dei afghanske styresmaktene, partnarane våre i ISAF og eventuelt andre internasjonale aktørar for å styrkje den felles innsatsen og gjere han meir effektiv.

Afghanistan kan ikkje bli trygt utan utvikling, og kan ikkje utvikle seg utan at det er trygt. Regionale gjenreisningsteam går fremst i den allierte innsatsen og understrekar at vi arbeider på brei front. Sivile og militære aktivitetar må utfylle kvarandre i ein samla innsats som tek omsyn til dei ulike mandata til dei internasjonale aktørane som er i Afghanistan. NATO skal spele si rolle fullt ut, men børa må delast tilsvarende. Vi understrekar det viktige i å styrkje FN i rolla som leiande og koordinerande internasjonal aktør til støtte for den afghanske regjeringa. Vi oppmodar alle nabolanda til Afghanistan til å støtte sterkare opp om den innsatsen den afghanske regjeringa gjer for å byggje eit stabilt og demokratisk land innanfor trygge grenser. Vi tek særleg til orde for nært samarbeid mellom Afghanistan, Pakistan og NATO, mellom anna gjennom trepartskommisjonen.

7. Det moderne informasjonssamfunnet krev evne til tilpassa, rettidig og lydhør kommunikasjon i samband med NATO-engasjement i internasjonale operasjonar. Vi var samde om å arbeide vidare med å få til forbetringar på alle nivå i den strategiske kommunikasjonen og det offentlege diplomatiet NATO driv overfor lokale og internasjonale publikum, særleg til støtte for operasjonane og oppdraga våre i Afghanistan, Kosovo og andre stader.
8. I Kosovo har det robuste, NATO-leidde KFOR-nærværet under FN-mandat vore avgjerande for å oppretthalde tryggleiken og støtte den politiske prosessen. Vi ser fram til rapporten frå kontaktgruppa om forhandlingane under leiing av troikaen EU–Russland–USA om framtidig status for Kosovo. KFOR blir verande i Kosovo på grunnlag av tryggingrådsresolusjon 1244 med mindre Tryggingrådet bestemmer noko anna. Vi ber begge partane innstendig om ikkje å gjere eller seie noko som kan undergrave tryggingssituasjonen i Kosovo eller andre delar av regionen. Vi forpliktar oss på ny til å halde dei nasjonale styrkebidraga til KFOR, medrekna reserver, på noverande nivå utan nye reservasjonar. NATO vil reagere resolutt på alle forsøk på å gjere Kosovo utrygt for nokon av innbyggjarane.
9. NATO er parat til å gjere sitt i gjennomføringa av framtidige tryggingssordningar. Vi legg stor vekt på gjennomføring av standardar i Kosovo, særleg når det gjeld vern av etniske minoritetar og område og av historiske og religiøse stader, og på å slå ned på kriminalitet og korrupsjon. Vi vil framleis samarbeide nært med befolkninga i Kosovo, FN, Den europeiske unionen og andre

internasjonale aktørar der det er nødvendig for å hjelpe til i den vidare utviklinga av eit stabilt, demokratisk, multietnisk og fredeleg Kosovo.

10. Erfaringa i Afghanistan og på Balkan viser at utfordringane i dag krev ei samla tilnærming frå det internasjonale samfunnet. Etter pålegg frå stats- og regjeringssjefane våre på Riga-toppmøtet blir det arbeidd med forslag til meir stringent bruk av NATOs eigne krisehandteringsverktøy og til praktisk samarbeid på alle nivå med andre aktørar i planlegginga og gjennomføringa av pågåande og framtidige operasjonar slik situasjonen tilseier. Vi aktar å komme vidare i dette arbeidet før Bucuresti-toppmøtet. Effektiv gjennomføring av ei samla tilnærming krev samarbeid og medverknad frå alle større aktørar.
11. Vi fordømmer i dei sterkaste ordelag alle utslag av terrorisme, utan omsyn til motiv og metodar, og stadfester at nasjonane våre er fast bestemte på å kjempe mot terrorismen, saman og kvar for seg, så lenge det trengst, i samsvar med folkeretten og FN-prinsippa. Vi står òg fast på å verne befolkningane, territoria, infrastrukturanne og styrkane våre mot følgjene av terroriståtak. Vi rosar NATO-initiativa til forsvar mot terrorisme som viktige bidrag i så måte. Alliansen held fram med å tilføre kampen mot terrorisme ein livsviktig transatlantisk dimensjon. Vi forpliktar oss til å forbetre dialogen og samarbeidet med partnerane våre ytterlegare, og ser positivt på all innsats for å setje fart i gjennomføringa av partnerskapshandlingsplanen mot terrorisme. Operasjon Active Endeavour, den maritime NATO-operasjonen i Middelhavet, er framleis eit verdifullt bidrag til kampen mot terrorisme, og vi ser positivt på støtta frå partnerland, som har gjort operasjonen endå meir effektiv.
12. Vi ser med stor uro på at valdsbruken og ugjerningane i Darfur held fram, og ber alle partar forplikte seg til full stans i kamphandlingane og arbeide vidare for fred gjennom dialog. NATO er parat, etter konsultasjonar med og tilslutnad frå FN og Den afrikanske unionen, til å støtte opp også heretter.
13. Gjennom opplæringsstyrken i Irak, med den nye gendarmeri-opplæringa under leiing av italienske carabinieri, yter NATO framleis eit verdifullt bidrag til den internasjonale innsatsen for å trene opp irakiske tryggingssstyrkar. Ser vi framover, reknar vi med at det blir utarbeidd nye forslag til eventuell vidare aktivitet etter 2008.

14. På Vest-Balkan er euroatlantisk integrasjon basert på solidaritet og demokratiske verdiar framleis ein føresetnad for stabilitet på lang sikt. Dette krev samarbeid i regionen, gode nabolikhøve og gjensidig akseptable og rettidige løysingar på uavklarte spørsmål. Vi rosar dei tre landa i handlingsplanen for medlemskap (MAP) for den høge graden av gjensidig samarbeid som er oppnådd, og vi oppmuntrar partnerlanda i regionen til å følgje dette eksemplet.
15. Vi stadfester at NATO er ope for nye europeiske medlemmer i samsvar med artikkel 10 i Atltanterhavspakta. Vi verdset den sterke reforminnsatsen til dei tre landa som er engasjerte i MAP – Albania, Kroatia og den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia², og ber dei intensivere innsatsen kvar for seg. På Bucuresti-toppmøtet aktar stats- og regjeringssjefane våre å invitere dei landa som oppfyller dei resultatbaserte NATO-standardane og har evne og vilje til å medverke til euroatlantisk tryggleik og stabilitet.
16. Vi ser positivt på framgangen sidan Riga-toppmøtet i arbeidet med å utvikle samarbeidet med Bosnia-Hercegovina, Montenegro og Serbia, og er parat til å auke NATO-bistanden til reforminnsatsen i desse landa. Vi forventar at Serbia og Bosnia-Hercegovina samarbeider fullt ut med Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia. Vi vil følgje nøye med på det dei gjer i så måte. Idet vi ser framover mot toppmøtet i Bucuresti, oppmuntrar vi regjeringa i kvart av dei tre partnerlanda våre på Vest-Balkan til i størst mogeleg grad å utnytte den euroatlantiske partnerskapen til å oppnå dialog, reformer og samarbeid, mellom anna ved å utarbeide kvar sin partnerskapshandlingsplan. Vi uttrykkjer sterk støtte til det arbeidet Den høge representanten og spesialrepresentanten for EU i Bosnia-Hercegovina gjer. Vi var urolege over at Dayton-rammene nyleg var sette under press, og ser positivt på løysinga som er oppnådd. Vi ber leiarane i Bosnia-Hercegovina byggje vidare på dette og vise ansvar ved at dei også heretter støttar gjennomføringa av fredsavtalen frå Dayton. Samarbeidet mellom NATO og EU i EU-operasjonen Althea i Bosnia-Hercegovina, på grunnlag av Berlin-pluss-ordningane, er med og skaper fred og tryggleik.
17. Vi følgjer nøye med på utviklinga i Georgia og oppmodar dei georgiske styresmaktene til å sikre ein fri valprosess og frie medium. Vi ser positivt på framgangen som er oppnådd i samband med den intensiverte dialogen vi fører, og oppmuntrar Georgia til å gå vidare på reformvegen i samsvar med dei standardane og verdiane NATO arbeider ut frå. Vi set pris på det aukande georgiske bidraget til KFOR og ISAF, og på at landet aktar å delta i operasjon Active Endeavour. Nasjonane våre støttar suverenitet og territorial integritet for Georgia og georgisk engasjement for å løyse konflikhtar på eige territorium med fredelege middel, og stadfester at det er viktig for alle partar i regionen å engasjere seg konstruktivt for å fremje regional fred og stabilitet. Vi vil framleis støtte dei euroatlantiske ambisjonane til Georgia, utan å forskottere eit eventuelt alliansevedtak.
18. Vi stadfester den viktige rolla den spesielle NATO-Ukraina-partnerskapen spelar, og er bestemte på å utnytte den intensiverte dialogen og NATO-Ukraina-kommisjonen til fulle for å styrkje den praktiske hjelpa vi yter til Ukraina. Vi vil framleis støtte Ukraina når og i den grad landet forfølgjer euroatlantiske ambisjonar, utan å forskottere eit eventuelt alliansevedtak. Vi set pris på dei vesentlege bidraga Ukraina yter til den felles tryggleiken, mellom anna gjennom aktiv støtte til operasjon Active Endeavour og alle andre NATO-leidde operasjonar, og oppmuntrar til vidare innsats for å fremje regionalt samarbeid. Vi understrekar at det er viktig å føre ein offentleg informasjonskampanje for å auke forståinga og støtta til NATO-Ukraina-samarbeidet. Vi er bestemte på å halde fram med å hjelpe Ukraina i gjennomføringa av vidtrekkande reformer, særleg i forsvars- og tryggingssektoren.
19. NATO-Russland-partnerskapen bør framleis vere eit strategisk element i arbeidet for å gjere det euroatlantiske området tryggare. Ti år etter at grunnsakta NATO-Russland blei underteikna, er denne partnerskapen no inne i ein utfordrande fase. Vi er uroa over visse russiske handlingar den seinare tida, mellom anna i sentrale tryggingsspørsmål som traktaten om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE). Vi minner om at NATO-Russland-partnerskapen er basert på eit sett felles prinsipp, verdiar og tilsegner, mellom anna demokrati, sivile fridomar og politisk pluralisme, som vi reknar som bindande. Allianselanda er forplikta av NATO-Russland-partnerskapen og ser på NATO-Russland-rådet som eit sentralt forum for å eta-

² Tyrkia godtek Republikken Makedonia under det konstitusjonelle namnet.

- blere interessefellesskap. Vi verdset og vil gjerne halde fram med den konstruktive og opne dialogen vi har med Russland, også i spørsmål der vi er usamde. Vi kan alle tene på å styrkje samarbeidet om felles tryggingssinteresser som begge partar er opptekne av, til dømes kampen mot terrorisme, men òg missilforsvar i operasjonsområde og konvensjonell rustingskontroll. Vi har alle vore tente med det samarbeidsnivået som er oppnådd i partnerskapen. Vi ser positivt på det russiske bidraget til operasjon Active Endeavour og det pågåande praktiske samarbeidet om tiltak mot narkotikatrafikken i Afghanistan og Sentral-Asia. Vi håpar at russisk ratifikasjon av styrkestatusavtalen for PFP vil leggje til rette for vidare praktisk samarbeid, særleg innan fellesmilitære prosjekt og støtte til ISAF.
20. Vi stadfester at NATO-politikken med tilnærming gjennom partnerskap, dialog og samarbeid er ein vesentleg del av formålet og oppgåvene til alliansen. Partnerskapane alliansen har inngått verda over, har ein varig verdi og er med og skaper stabilitet og tryggleik i heile det euroatlantiske området og endå vidare; atten nasjonar utanfor alliansen stiller styrkar og yter støtte til operasjonane og oppdraga våre i dag. Med tanke på dette ser vi positivt på framgangen sidan Riga og stadfester vår forplikande vilje til å gjere ytterlegare innsats for Bucuresti, slik det går fram nedanfor, for å styrkje partnerskaps- og samarbeidspolitikken i NATO.
 21. Vi set stor pris på dei bidraga partnarane våre yter til NATO-oppdrag og NATO-operasjonar. For å oppnå større interoperabilitet mellom styrkane våre og styrkar frå partnarnasjonane vil vi, i den grad det er mogeleg, frigje dei aktuelle standardane. Vi vil framleis òg tilby partnarland råd om og hjelp med dei forsvars- og tryggingssrelaterte sidene ved reformer.
 22. Vi minner om at Euroatlantisk partnerskapsråd og Partnerskap for fred (PFP) framleis er av stor verdi, og forpliktar oss til å gje dei auka effektivitet og substans. I samband med dette vil vi framskande arbeidet med å gjere konsultasjonane med partnarar meir fokuserte og meir innretta på aktuelle prioriteringar, mellom anna gjennom bruk av fleksible format, og vi gjev det permanente rådet i oppdrag å utvikle praktiske forslag i den lei. Vi ser fram til å ta imot EAPC-partnarane våre på toppmøtet i Bucuresti.
 23. Vi møter i dag dei sju middelhavspartnarane våre for å gå gjennom den betydelege framgangen i Middelhavsdialogen sidan det første møtet vårt i 2004, og for å diskutere ei ytterlegare utdjupeing av tilhøvet vårt og korleis vi kan oppnå ein betre balanse mellom dei politiske og praktiske dimensjonane i samarbeidet. Middelhavsdialogen er løfta opp til å bli ein genuin partnerskap, mellom anna gjennom forbetra sambandsordningar og større fokus på konkrete mål som til dømes interoperabilitet. Vi ser positivt på fullføringa av individuelle partnerskapsprogram med Egypt og Israel og opprettinga av eit middelhavsdialogfond som skal hjelpe Jordan å kvitte seg med gammalt og ubrukeleg krigsmateriell. Vi set pris på bidraga frå dei nasjonane i Middelhavsdialogen som støttar KFOR og operasjon Active Endeavour.
 24. Etter Riga-toppmøtet opna vi for at alle partnarane våre i Middelhavsdialogen, og dei fire golfstatane som deltek i samarbeidsinitiativet frå Istanbul, skulle kunne utdjupe den politiske dialogen og auke det praktiske samarbeidet med alliansen. Vi ser positivt på reaksjonane deira på mellom anna NATO-initiativet om opplærings samarbeid, og er bestemte på å intensivere samarbeidet ytterlegare på dette og andre område.
 25. På Riga-toppmøtet blei vi samde om å utvikle tettare politiske og militære relasjonar og å styrkje NATO i evna til å samarbeide effektivt med interesserte kontaktland som deler våre interesser og verdiar med tanke på å løyse felles tryggingssutfordringar. Sidan den tid har vi hatt effektive møte med ikkje-NATO-land i ulike format og ført ulike politiske konsultasjonar. Vi ser svært positivt på det viktige og konkrete bidraget fleire av desse partnarane yter saman med dei NATO-allierte i Afghanistan. Vi ser fram til å vidareutvikle det praktiske samarbeidet vårt med Australia, Japan, New Zealand og Republikken Korea, og, etter tilslutning frå Nordatlantisk råd, med andre slike interesserte partnarar.
 26. NATO-landa legg den største vekt på CFE-regimet og understrekar den strategiske verdien av CFE-avtalen som hjørnestein i den euroatlantiske tryggleiken. Med sine system for avgrensingar, informasjonsdeling og verifikasjon gagnar CFE-avtalen alle avtalestatane og Europa sett under eitt ved å sikre stabilitet, ein historisk grad av innsyn og føreseielege og tillitsfulle forhold når det gjeld dei militære styrkane til dei tretti statane som er partar i avtalen.
 27. Det sterke engasjementet vårt for CFE-avtalen står ved lag, og det er vårt ønske at avtalen om tilpassing – som er vårt felles mål, og som ville gjere det mogeleg for nye statar å tiltre avtalen

- snarast råd må tre i kraft på ein måte som er i tråd med alliansens prinsipielle posisjon i følge avsnitt 42 i erklæringa frå Riga-toppmøtet i 2006, slutterklæringa frå allianselanda på den ekstraordinære CFE-konferansen i Wien og andre erklæringar frå alliansen som reflekterer nyare utviklingstrekk. Allianselanda har nøye notert seg dei innvendingane Den russiske føderasjonen har reist om vilkåra avtalen fungerer under. Følgjeleg har vi ført ein allsidig dialog med Den russiske føderasjonen, mellom anna gjennom bilaterale diskusjonar mellom USA og Russland, som har ført til konstruktive forslag om ein veg vidare som respekterer integriteten til traktatregimet med alle sine element. Vegen vidare bør ta omsyn til dei legitime interessene og innvendingane til alle avtalepartane. I så måte ville det vere eit beklageleg tap for alle partar om Den russiske føderasjonen skulle halde fram med einsidige tiltak som kan undergrave CFE-regimet i framtida. Vi beklagar at den russiske presidenten har underteikna lover som ”suspenderer” den russiske gjennomføringa av CFE-avtalen med verknad frå 12. desember 2007.
28. Vi held oppe eit intensivert engasjement på grunnlag av den pakken av parallelle tiltak som alle allianselanda støttar; dette for å rydde av vegen resterande bekymringar hos alle avtalestatar, oppfylle uteståande tilsegner som går fram av CFE-sluttakta frå 1999 med vedlegg – mellom anna dei som gjeld Republikken Moldova og Georgia, leggje grunnlaget for at alle dei 30 avtalestatane kan ratifisere tilpassingsavtalen og å sikre at alle avtalestatane gjennomfører CFE-avtalen fullt ut. Vi ber Den russiske føderasjonen innstendig om å halde fram med å gjennomføre avtalen og samtidig samarbeide om å løyse desse kompliserte sakene, og å unngå tiltak som kan undergrave CFE-regimet på lang sikt og likeins utsiktene for at tilpassingsavtalen kan tre i kraft.
 29. Vi noterte oss framgangen i det pågåande NATO-arbeidet med missilforsvar av befolkningar og territorium, mellom anna om kva dei missilforsvarelementa USA planlegg i Europa kan få å seie for alliansen, og den ferske oppdateringa om missiltrusselen slik han no avteiknar seg. Vi ser fram til at dette arbeidet skal vere fullført før toppmøtet i Bucuresti. Vi forpliktar oss framleis til konsultasjonar om missilforsvar i NATO–Russland-rådet, og ber Den russiske føderasjonen innstendig om å gå aktivt saman med USA og NATO om å sondere korleis ei samarbeidsbasert tilnærming kan komme i stand.
 30. Vi gjentek at rustingskontroll og ikkjepreiring framleis kjem til å spele ei stor rolle i den samla NATO-innsatsen for å hindre spreiding og bruk av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen. Vi merkte oss i dag ein rammerapport om rustingskontroll, nedrusting og ikkjepreiring som peikar ut område som NATO bør sondere vidare og der NATO kan gje meirverdi til innsatsen i andre leiande internasjonale forum, og om utvida etterleving av tryggingrådsresolusjon (UNSCR) 1540. Vi ser fram til at denne gjennomgangen skal vere ferdig innan toppmøtet i Bucuresti.
 31. I samband med møtet i dag nyttar vi dessutan høvet til på ny å be Iran innstendig om å etterleve UNSCR 1737 og 1747 og Den demokratiske folkerepublikken Korea om å samarbeide i sekspartsprosessen og etterleve UNSCR 1718.
 32. I Riga noterte stats- og regjeringssjefane våre seg at allierte tryggingssinteresser kan bli påverka av brot i tilførsel av livsviktige ressursar. Dei støtta ein samordna internasjonal innsats for å vurdere risikoar mot energiinfrastruktur og å tryggje slik infrastruktur. Med tanke på dette gav dei det permanente rådet pålegg om å rådføre seg om dei mest overhengande risikoane innan energitryggleiken. Vi inviterer det permanente rådet til å fullføre arbeidet sitt med å definere område der NATO kan tilføre verdi for å verne om tryggingssinteressene til allianselanda og hjelpe til i nasjonal og internasjonal innsats når det blir bede om det, og på dette grunnlaget å utvikle politikk som kan utfylle slik pågåande innsats innan toppmøtet i Bucuresti.
 33. I Riga slutta stats- og regjeringssjefane våre seg til arbeid for å sikre dei sentrale informasjonssystema i NATO betre mot dataangrep. Vi forventar at politikk med utspring i dette arbeidet er avtala innan toppmøtet i Bucuresti.
 34. Vi gler oss over framgangen som er oppnådd i dei interne NATO-reformene sidan vi sist møttest, og engasjerer oss vidare i dette arbeidet som ein sentral del av den overordna NATO-omdanninga. Vi oppmodar Generalsekretæren til å halde fram med arbeidet for å setje NATO betre i stand til å handtere eit breitt spekter av komplekse operative krav og krav til kapasitetsutvikling, partnerskap og strategisk kommunikasjon. Vi ser fram til fleire forslag på dette viktige området før Bucuresti.
 35. Den nordatlantiske alliansen er framleis fundamentet for det kollektive forsvaret vårt og det

sentrale transatlantiske tryggingsforumet. Vi står fast på å spele rolla vår til fulle i den innsatsen verdssamfunnet gjer for å fremje tryggleik og stabilitet. På møtet i dag har vi gjort vedtak som gjer oss endå betre skikka til å ta hand om

felles tryggingsspørsmål no og i framtida. Vi har staka ut ein klar kurs fram mot NATO-toppmøtet i Bucuresti i april neste år og for den vidare omdanninga av alliansen.

Vedlegg 7**Erklæring frå formannen**

Møte i NATO–Russland-rådet på utanriksministernivå i Brussel, fredag 7. desember 2007

På møtet i Brussel 7. desember 2007 gav utanriksministrane i NATO–Russland-rådet på ny uttrykk for kor viktig NRC framleis er som eit unikt forum for opne og dynamiske politiske meningsutvekslingar. Trass i alvorleg usemje om CFE-avtalen, endeleg status for Kosovo og spørsmål knytte til missilforsvar konstaterte dei at den politiske dialogen dei imellom i seinare tid har vore ekstra aktiv, også i spørsmål der NRC ikkje er einaste forhandlingsforum. Ministrane vedgjekk at utfordringar finst, men stadfeste at dei er forplikta til NATO–Russland-rådet som ein verdifull arena for å søkje felles posisjonar.

I denne samanhengen var ministrane samde om å utvide og intensivere den politiske dialogen i NRC og utveksla synspunkt på Kosovo, Afghanistan, framtida for CFE-regimet og kampen mot terrorisme, og dei førte vidare diskusjonane om missilforsvar og omdanning av NATO.

Ministrane sa seg på ny forplikta til å forfølge samarbeidsprosjekt av felles interesse, slik stats- og regjeringssjefane i NRC gav mandat til i Roma i 2002. Dei slo fast at det praktiske samarbeidet i NRC ikkje har nådd sitt fulle potensial enno, og var samde om at dei framleis skulle sjå etter nye samarbeidsområde innanfor NRC-ramma.

Ministrane stadfeste at NRC er bestemt på å halde fram med samarbeidet i kampen mot terrorisme, og dei gledde seg over det vedvarande rus-

siske bidraget til operasjon Active Endeavour og såg fram til at russiske militære ressursar skulle spele ei aktiv rolle i 2008 og 2009.

Ministrane var samde om at medlemsstatane i NRC har ei grunnleggjande felles interesse av internasjonal innsats for å fremje fred og stabilitet i og rundt Afghanistan, og avgjorde at samarbeidet til støtte for denne innsatsen skulle halde fram. I denne samanhengen såg dei positivt på den vellykka fullføringa av den innleiande fasen i NRC-pilotprosjektet om opplæring av afghansk og sentralasiatisk personell i tiltak mot narkotika og på igangsetjinga av den andre prosjektfasen i januar 2008. Ministrane var oppmuntra over framgangen i NRC-arbeidet om missilforsvar i operasjonsområde og såg fram til den datamaskinassisterte øvinga som skulle haldast i Tyskland i januar 2008. Ministrane understreka vidare at forsvars- og militærsamarbeid var viktig, og var samde om å arbeide vidare med det. Dei gledde seg over at systemet etter samarbeidsinitiativet om luftrom har nærma seg endeleg operativ kapasitet, og merkte seg NRC-arbeidet innan ikkjespriing av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen.

Ministrane var samde om å leggje til rette for ytterlegare styrking av den publikumsretta informasjonen om aktivitetane i NRC, mellom anna ved å utnytte den nyopna NRC-nettstaden optimalt.


Vedlegg 8**Felleserklæring**

Møte i NATO–Ukraina-kommisjonen på utenriksministernivå i Brussel fredag 7. desember 2007

1. Utenriksministrane i NATO–Ukraina-kommisjonen, som møttest i Brussel i dag, la vekt på den viktige rolla den spesielle partnerskapen mellom NATO og Ukraina spelar i arbeidet for tryggleik og stabilitet i heile det euroatlantiske området, og minte i denne samanhengen om tiårsjubileet for charteret om ein slik partnerskap. Dei gjorde opp status for framgangen i NATO–Ukraina-samarbeidet sidan dei sist møttest. Ministrane diskuterte dessutan dei utanriks- og tryggingsspolitiske prioriteringane til Ukraina og utsiktene for vidareutvikling av tilhøvet mellom NATO og Ukraina, mellom anna NATO–Ukraina-handlingsplanen og den intensiverte dialogen rundt dei ukrainske ambisjonane om NATO-medlemskap og relevante reformer, utan å forskottere eit eventuelt alliansevedtak.
2. Dei allierte ministrane såg positivt på fråsegna frå fungerande utanriksminister Kandogiy om utviklinga i Ukraina den seinare tida, og dei noterte seg tilfreds med dei demokratiske reformene i Ukraina og uttrykte tillit til at dei ville halde fram. Dei såg positivt på at det i september 2007 blei gjennomført frie val til nasjonalforsamlinga Verkhovna Rada, og at ein styrande koalisjon var danna. Ministrane såg fram til at det innan rimeleg tid måtte bli danna ei regjering i Ukraina.
3. Ministrane gav på ny uttrykk for forpliktande vilje til å sikre at NATO skulle lukkast med sine operasjonar og oppdrag, og såg positivt på det operative samarbeidet i tilknytning til operasjon Active Endeavour, mellom anna deployeringa av eit ukrainsk fartøy nummer to, korvetten Lutsk; til ISAF, mellom anna i form av ukrainske bidrag til PRT-innsatsen; til KFOR og til NATO-opplæringsstyrken i Irak. Dei allierte ministrane uttrykte glede over den aktive ukrainske støtta til alle NATO-leidde operasjonar og oppdrag. Dei merkte seg tilfreds med dei ukrainske bidraga til tryggleiken i og utanfor eigen region, og oppmuntra til at dei måtte halde fram. Ministrane merkte seg arbeidsplanen for 2008 for Militærkomiteen og Ukraina.
4. Ministrane tok føre seg framgangen som var oppnådd i 2007 i reformarbeidet i forsvars- og tryggingssektoren i Ukraina, mellom anna innfor den felles NATO–Ukraina-arbeidsgruppa for forsvarsreform (JWGDR). I denne samanhengen såg dei særleg positivt på den ukrainske framgangen i gjennomføringa av ein samla gjennomgang av tryggingssektoren i landet. Dei allierte ministrane oppmuntra òg Ukraina til å halde fram med å gjennomføre effektive reformer i forsvars- og tryggingsinstitusjonane. Ministrane merkte seg framgangen som er oppnådd innanfor rammene av NATO/PFP-fondsprosjekta for destruering av handvåpen, lette våpen og berbare luftforsvarssystem (MANPADS) og for omskolering og omplassering av dimittert militært personell, og oppmuntra til at dei måtte halde fram og lukkast.
5. Ministrane merkte seg at Ukraina har stadfest ein strategisk kurs mot euroatlantisk integrasjon med sikte på å oppnå full medlemskap i alliansen. Den fungerande utanriksministeren i Ukraina understreka at vidare støtte til dei euroatlantiske ambisjonane ville bli verdsett. I samband med dette såg dei allierte ministrane positivt på at Ukraina på ny har sagt seg bestemt på å fullføre aktuelle reformer.
6. Idet dei minte om erklæringa frå Riga-toppmøtet, gjentok dei allierte ministrane at NATO held døra open for europeiske demokrati som vil og kan ta på seg ansvaret ved å vere medlem, i samsvar med artikkel 10 i Washingtontraktaten. Ministrane la vekt på det fruktbare samarbeidet i den intensiverte dialogen og understreka at dei vidare etappane på vegen mot euroatlantisk integrasjon for Ukraina først og fremst kravde konkret, målbar framgang i gjennomføringa av avgjerande reformer og politikk.
7. Ministrane såg fram til at ein ambisiøs målplan for NATO–Ukraina-samarbeidet i 2008 snarast måtte bli vedteken og deretter resolutt iverk-

sett. Dei understreka det viktige i å informere det ukrainske folket om NATO–Ukraina-samarbeidet. Ministrane var samde om å følgje med på framgangen i Ukraina. Dei allierte ministrane sa seg på ny parat til å støtte Ukraina

- i gjennomføringa av reformmåla, særleg innan reformer i forsvars- og tryggingssektoren.
8. Ministrane såg fram til å halde eit toppmøte i NATO–Ukraina-kommisjonen i april 2008.



Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:
www.regjeringa.no

Omslagsbilde: Petter Foss

Trykk: Lobo Media AS - 05/2008

